

Kvinnherad kommune

Innspel frå administrasjonen

til ny kommuneplan, samfunnsdelen

Innhald

Barnehage	3
Grunnskule	5
Tiltak for familiar med små barn	6
Barnevern	7
Barn og unge med psykiske vanskar	8
Opplæring for barn og unge med særlege behov	9
Avlasting etter sosialtenestelova	10
Helsestasjon og svangerskapsoppfølging	11
TIBIR.....	12
Helse og rehabilitering	13
Tiltak og rådgevingstenesta for alle (TRV) og NAV-Kvinnherad	16
Pleie- og omsorg.....	25
Institusjonsutbygging	28
Næring	30
Landbruk.....	32
Næringsutvikling.....	33
Tilrettelegging næringsområde	35
Bygging	37
Bustadbygging	38
Sentrumsutvikling.....	40
Samferdsle	42
Trafikksikring	45
Vass- og kloakkutbygging	47
Klima, Miljø og Naturbruk	49
Kultur og fritid	51
Viltforvaltning.....	54
Risiko og sårbarheit (ROS)	55
Planlegging	56
Arealplanlegging.....	58
Geodata	59
Fellestenestene	60
Økonomi	61
Organisasjon og arbeidsgjevpolitikkk	63
Organisering	66
Universell utforming.....	68

Tenesteområde:	Barnehage
Status; situasjonen i dag:	<ul style="list-style-type: none"> • Mangel på barnehageplassar i Husnesområdet • Private aktørar tek over drift av barnehagar • For lite pedagogdekning i nokre verksemder • Auka fokus på tidleg innsats for barn som treng ekstra oppfølging • Auke av minoritetsspråklege • Store deler av budsjettet går til løn. Lite til drift, utvikling og vedlikehald • Ulike røynsler med storleik på einingar – oppvekstsenter
Langsiktige utfordringar:	<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalda desentraliserte barnehagar pga. endra økonomiske føresetnader / rammefinansiering • Vurdera ordningar med oppvekstsenter og storleik på verksemder • Fleirkulturelle og språklege minoritetar kontra etnisk norske • Tidleg innsats for barn/familiar som treng ekstra oppfølging • Sikra gode fysiske rammevilkår. Gjeld bygg – uteområde – inventar
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris <i>jf. Regjeringa si målsetjing</i>
Strategi(ar) for å nå målsettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomiske rammevilkår til å drifta / utvikla kommunale og private barnehagar • Kvalitetsutvikling: <ul style="list-style-type: none"> ~ Revidera plan: <i>Kvalitetsutvikling barnehagane</i> Standard – serviceerklæring – kvalitetsutvikling ~ Tilsyn ~ Samarbeid mellom verksemdene. Røynsleutveksling / spes. faggrupper ~ Kommunalt foreldreutval (KFU) for å ivareta brukarmedverknad ~ Styrka samarbeid mellom barnehage-skule. Gode overgangar • Personalressurs: <ul style="list-style-type: none"> ~ Styrarressurs: styrarassistent i store barnehagar/min. 50% adm. i små barnehagar ~ Auka barnehagefagleg ressurs på overordna nivå. Faglege og økonomiske utfordringar tiltek ~ Auka pedagogressurs. I ubunden tid må det vera ekstra perosnalressurs
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Auka driftsmidlar: bygg – inventar/utstyr – personalressursar – kompetanseheving
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetsutvikling barnehagane • Kompetansplan Kvinnherad kommune • Plan for overgangen mellom barnehage – skule • Retningslinjer og informasjon om barnehagetilbodet

Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Barnehagelova: http://www.lovddata.no/all/nl-20050617-064.html Rammeplan for barnehagen: http://www.regjeringen.no/dep/kd/dok/lover_regler/reglement/2006/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-opp.html?id=278626 St.meld.nr.41 Kvalitet i barnehagen: http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html?id=563868
Med helsing (namn...):	Gerd Røstbø – Grete Kjerpeset – Reidun Holmedal – Astri Måkestad

Tenesteområde:	Grunnskule
Status, situasjon i dag	<p>Kommunen har</p> <ul style="list-style-type: none"> • ein desentralisert skulestruktur med mange små skular • høgt kostnadsnivå til drift av grunnskulen • store manglar i skuleanlegga • faglege resultat ligg under landsgjennomsnittet. • vanskeleg for å rekruttera gode skuleleiarar • nedgang i elevtalet
Langsiktige utfordringar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpassa kostnadsnivået i grunnskulen til kommunen si økonomiske bereevne. • Tilpassa skulestrukturen til demografiske endringar • Rusta opp og fornya skuleanlegga • Rekruttera leiarar og andre tilsette med god fagkompetanse i grunnskulen • Sikra eit godt fagleg og sosialt læringsutbyte for alle elevar i grunnskulen • Møta nye sentrale krav knytt til utvikling av heildagsskule.
Framlegg til målsetjing(ar) for tenesteområdet det neste tiåret	<p>Barn og unge i Kvinnherad får eit heilskapleg utdanningsløp som sikrar gode læringsvilkår og stimulerande læringsmiljø i tenlege skuleanlegg , og ved effektiv bruk av ressursane.</p>
Strategi(ar) for å nå målsettingane(ne)	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid mellom alle partar i skulesamfunnet • Gode overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule • Aktiv rekrutteringspolitikk og kompetanseutvikling • Fastsetjing av utviklingsmål innanfor sentrale område • Pedagogisk fridom og handlingsrom for den einskilde skuleleiaren • Kvalitetssystemet for grunnskulen i Kvinnherad
Større tiltak som må /bør gjerast for å følgja opp målsettingane/strategiane	<ul style="list-style-type: none"> • Rusta opp og fornya skuleanlegga • Utarbeida ein skulebruksplan
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet	<p>Utviklingsmål for grunnskulen 2010 – 2012 Statusrapport for grunnskulen i Kvinnherad 2009</p>
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar, osv	<p>Alt arbeid i grunnskulen byggjer på Opplæringslova, Forskrift til Opplæringslova og Læreplanverket for grunnskulen. Regionalt samarbeid gjennom FOS; Forum for oppvekst i Sunnhordland</p>
Med helsing	Marit Tarlebø og Jorunn Toskedal

Tenesteområde:	Tiltak for familiar med små barn
Status; situasjonen i dag:	Helsestasjon, fysioterapi, PPT og barnevern gir poliklinisk oppfølging og rettleiing. Vi har i liten grad ressursar nok til å følgje familiar tett opp gjennom miljøarbeid i heimen.
Langsiktige utfordringar:	Yte gode tenester av så stort omfang at småbarnsfamiliar i Kvinnherad vert gode å vekse opp i.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Etablere eit butilbod der familiar med små egne ressursar/ psykiske vanskar/ rusproblem som treng tett oppfølging/ tilsyn kan bu i periodar. Unge mødre/ foreldre med psykiske problem har gode støttetiltak i kvardagen.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Dette bør vere eit prosjekt der ein søker interkommunalt samarbeid.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Planlegging, bygging og bemanning.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010) Det du gjør, gjør det helt, NOU 2009:22 Veileder i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	Barnevern
Status; situasjonen i dag:	Stadig fleire barnevernsoppgåver blir flytta frå statleg til kommunalt nivå. Det er ei overordna målsetjing at tiltak skal bidra til at barn kan bu i heimen.
Langsiktige utfordringar:	Kunne setje inn tiltak av stort nok omfang, og med kompetente fagpersonar slik at overordna målsetjing kan nåast
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunen har tilstrekkelege ressursar til sjølv å greie ut barnevernsaker. - Dei tilsette i barnevernet har tid og kunnskap til å drive tiltaksarbeid og veiledning retta mot familiar. - Barnevernet set barna sin situasjon i fokus, og hjelper foreldra på lågast mogeleg nivå. - I samarbeid med Bufetat vert det utvikla nye, lokale tiltak for barn som treng hjelp etter barnevernlova.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Auke bemanninga i det kommunale barnevernet
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Auke bemanninga i det kommunale barnevernet
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	<p>Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010)</p> <p>Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, 2006</p> <p>Veileder: Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten</p> <p>Om barne- og ungdomsvernet, St. mld. Nr. 40 (2001-2002)</p> <p>Rundskriv Q-06/2007; Oppgave- og ansvarsfordeling mellom kommuner og statlige barnevernmyndigheter – herunder om betalingsordninger i barnevernet.</p> <p>Retningslinjer for saksbehandlingen i barneverntjenesten, 2002</p> <p>Rundskriv Q-25/2005: Barnevernet og det forebyggende arbeidet for barn og unge og deres familier.</p> <p>Det du gjør, gjør det helt, NOU 2009:22</p>
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	Barn og unge med psykiske vanskar
Status; situasjonen i dag:	To medarbeidarar har dette som sitt einaste arbeidsområde. I tillegg arbeider fleire tenester inn mot området. Psykiske vanskar mellom barn og unge vert avdekka i stadig aukande omfang.
Langsiktige utfordringar:	Å gje høveleg hjelp til barn, unge og foreldre når barn og unge får psykiske vanskar.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Sikre fagleg høg kvalitet på arbeidet med barn og unge med psykiske vanskar i kommunen. Kommunen har eit lågterskeltilbod utan ventetid for barn og unge med psykiske vanskar. Kommunen yter god avlastning til familiar der barn/ unge har store psykiske vanskar. I samarbeid med BUP og andre hjelpeinstansar er det etablert ei tiltakskjede for arbeid med barne og unge med atferdsvanskar Satsinga på PMTO og Pals held fram Barn og unge med rett til ,og ønskje om, individuell plan har ein slik.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Arbeide med å rekruttere og beholde fagpersonar med relevant kompetanse. Auke talet på stillingar i dette arbeidet
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Auke talet på stillingar i dette arbeidet
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Plan for psykisk helsearbeid i Kvinnherad
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010) Det du gjør, gjør det helt, NOU 2009:22 Veileder i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	Opplæring for barn og unge med særlege behov
Status; situasjonen i dag:	Kvinnherad ligg om lag på snittet i omfang av spesialundervisning. Vi yter gode tiltak til barn i førskulealder som treng spesialpedagogisk hjelp. Vi har lite spesialpedagogisk kompetanse i skule (og barnehage). Vi strevar med barn og unge med atferdsvanskar.
Langsiktige utfordringar:	Yte gode og kompetente tenester innan tenesteområdet.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<ul style="list-style-type: none"> - Barn og unge som har vanskar i barnehage/ skulesituasjonen får høveleg hjelp. - Foreldre, barnehagepersonale, assistentar og lærarar får god rettleiing og rådgjeving om born med særlege behov si opplæring og utvikling. - Spesialundervisninga som vert gjeven i kommunen er av ein slik kvalitet at det er mogeleg å måle utviklinga til barnet kvart halvår.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Skule og barnehage har store nok ressursar til å gje differensiert undervisning til barn og unge som treng det. Det vert sett av tilstrekkeleg midlar til å yte spesialundervisning når den ordinære opplæringa ikkje gjev tilfredstillande utbytte. Ved tilsetjingar i PPT arbeider ein for å sikre tverrfagleg og høg kompetanse.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010) Det du gjør, gjør det helt, NOU 2009:22 Veileder i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene Rett til læring, NOU 2009:18
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	Avlasting etter sosialtenestelova
Status; situasjonen i dag:	Kommunen yter privat avlasting, offentlig avlasting, støttekontakt og besøksheim. Tiltaka har mindre omfang enn det familieane ønskjer, og gjev ikkje alltid familieane mulighet til å ta del i arbeidslivet på lik linje med andre, og ha eit sosialt liv utanfor familien (Satsing på barn og unge, 2010, s.)
Langsiktige utfordringar:	Oppretthalde høg kvalitet på det kommunale avlastingstilbodet. Tilpasse omfanget av avlasting til behovet. Gjere arbeidsplassane attraktive for medarbeidarar i turnus.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Auke omfanget av avlasting slik at regjeringa sitt mål i "Satsing på barn og unge, 2010 vert nådd)
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Auke bemanninga innan offentlig avlasting. Etablere kommunale kombinasjonsstillingar der medarbeidarar i turnus får dagstillingar i skule, barnehage og andre dagtidsverksemder.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Rundskriv I- 1/93 Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010) Det du gjør, gjør det helt, NOU 2009:22 Handlingsplan for Habilitering av barn og unge (IS-1692), 2009 Strategiplan for Habilitering av barn, 2004
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	Helsestasjon og svangerskapsoppfølging
Status; situasjonen i dag:	Nær 100% av familiene nyttar jordmortenesta og helsestasjonen til oppfølging av svangerskap og småbarn. Helsestasjonen har også oppgåver knytt til skolehelsetenesta og helsestasjon for unge. Det kjem stadig nye oppgåver til helsestasjonen: <ul style="list-style-type: none"> - Ny omfattande vaksinasjonsprogram kjem i tillegg til dei oppgåvene som ligg der frå før. - Svangerskapsomsorga vert redusert på sjukehusa, liggetida er svært kort, og det er forventa tett oppfølging lokalt.
Langsiktige utfordringar:	Den største utfordringa er kapasitet. Oppgåver som tidlegare har vore lagt til sjukehus/ fødeavdeling blir overført til kommunen. I tillegg får vi nye oppgåver gjennom statlege føringar.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Jordmor og helsestasjonstenesta fungerer slik at familiar opplever seg tilfredstillande ivaretekne gjennom svangerskap og barselsperiode. Foreldre opplever seg trygge på veg til fødeavdeling. Alle barn og unge får nødvendig helsekontroll og vaksinasjonar. Småbarnsforeldre hentar råd og rettleiing på helsestasjonen. Helsestasjon for unge er kjent i målgruppa, og vert nytta slik den er tenkt.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Tilfredstillande bemanning
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	I samarbeid med helseforetaket arbeide med ansvarsdelinga mellom sjukehus og kommune. Arbeide med prosjektet "tidleg intervensjon" for å avdekke vanskar tidleg og sette i verk adekvate tiltak.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Veileder: Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, IS-1154, 2003. Veileder i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene Retningslinjer for svangerskapsomsorgen, IS-1179, 2005
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	TIBIR
Status; situasjonen i dag:	Kvinnherad kommune utdannar rettleiar i PALS og 3 PMTO-terapeutar. Skulane skryt av rettleinga i PALS og vi har stor pågang av foreldre som ønskjer rettleiing.
Langsiktige utfordringar:	I lang tid har det vore ei utfordring at hjelpetiltak kjem i gang seint. Særleg innan området atferdsvanskar har vi streva. Dette prosjektet er eit tiltak for å møte den langsiktige utfordringa knytt til barn med atferdsvanskar.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Redusere omfanget av atferdsvanskar mellom barn og unge i Kvinnherad.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Vidareføre prosjektet TIBIR.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Satsing på barn og ungdom (Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010) Veileder i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunene
Med helsing (namn...):	Sturla

Tenesteområde:	<p>Helse og rehabilitering</p> <p>omfattar legetenester, smittevern, miljøretta helsevern, ergo- og fysioterapitenester, varmebasseng.</p>
Status; situasjonen i dag:	<p>I dag vert storparten av ressursar i helse og rehabilitering nytta til oppgåver knytt til diagnose og behandling. Denne innsatsen er naudsynt for å etterkoma krav i gjeldande lover og regelverk. Tilsette fagpersonar har god og brei kompetanse, er stabile og erfarne.</p> <p>Så godt som alle fastlegar er spesialistar i allmenntilleggsmedisin eller i ferd med å fullføra spesialistutdanninga. Det er relativt god listekapasitet, men likevel vert alternativ til å byta fastlege opplevd som heller dårleg grunna geografiske tilhøve.</p> <p>Fysioterapitenesta er i liten grad samlokalisert, dette gjer det vanskeleg for innbyggjarar å finna ut kor dei skal venda seg. Sentrale føringar for Koordinerande Eining kan nyttast til å fremja eit betre og tettare samarbeid på tvers av verksemdar og tenesteområde, dette inneber realisering av plan for felles opplæring og bruk av Individuell Plan.</p> <p>Det føregår mykje førebyggjande folkehelsearbeid og –aktivitet kringom i ulike bygder i lokale lag og organisasjonar. Kommunen manglar organiserte tiltak som personar med påviste helseproblem kan visast til frå fastlege, manglar òg ressursar til dette arbeidet. Folkehelsekoordinator i 40 % still. er byrja systematisk arbeid for å betra folkehelsa.</p>
Langsiktige utfordringar:	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen får eit auka ansvar for førebyggjande helsearbeid, utgreiing og behandling, og rehabilitering. Dette kjem som fylgje av endra ansvars- og oppgåvefordeling mellom 1.- og 2.-linjetenesta, varsla ved føreslegen Samhandlingsreform. • Livsstilssjukdomar og endra alderssamansetnad i befolkninga er alt synlege utfordringar, og vil truleg forsterkast i åra som kjem. • Rekruttera kvalifisert personell til å yta tenester i samsvar med sentrale føringar til innbyggjarar som treng det. • Eit samordna/heelskapleg tenestetilbod til innbyggjarar som treng tenester frå fleire tenesteområder.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Helsetenesta fremjer folkehelse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og arbeider for å førebygga og behandla sjukdom, skade eller lyte.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> • syta for naudsynte legetenester, fysioterapitenester og ergoterapitenester til alle som bur eller oppheld seg mellombels i Kvinnherad • spreia opplysning om og auka interessa for kva den einskilde sjølv og allmenta kan gjera for å fremja eigen trivsel og folkehelse • sikra oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorar som kan verka inn på denne, kommunehelseprofil • føreslå helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje	<ul style="list-style-type: none"> • tilretteleggja hjelpefunksjonar og kontorlokale for fleire fastlegar

<p>opp målsettingane/strategiane:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • felles venteliste og sentralbord for fysioterapitenesta • fleire fysioterapistillingar • tilretteleggja for samlokalisering av avtalefysioterapeutar på Husnes og i Rosendal • styrka ergoterapitenesta med ein stilling, i hovudsak for å sikra fleire førebyggjande tiltak overfor fleire heimebuande eldre • styrka ressursar til førebyggjande folkehelseiltak
<p>Evt. kommunale plandokument for tenestområdet:</p>	<p>Rehabiliteringsplan Helse- og sosial beredskapsplan Plan for folkehelsearbeid i Kvinnherad Smittevernplan Psykiatriplan Rusplan Omsorg 2020 Folkehelseplan</p>
<p>Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:</p>	<p><u>Aktuelle lover og forskrifter for heile verksemda:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Lov om helsetenester i kommunane (LOV-2005-06-17-82) • Lov om pasientrettar (LOV-2005-12-21-125 frå 2006-01-01) • Lov om helsepersonell (LOV-2003-08-29-87 frå 2003-09-01) • Lov om psykisk helsevern (LOV-2003-08-29-87 frå 2003-09-01) • Forskrift om habilitering og rehabilitering (FOR 2001.12.19 nr 1541: (HOD)) • Forskrift om individuell plan (FOR 2004.12.23 nr. 1837) • Forskrift om pasientjournal (FOR 2000.12.21 nr 1385: (HOD)) • Forskrift om internkontroll i helse- og sosialtenesta (FOR 2001.12.20 nr 1549: (HOD)) • Forskrift om praktisk teneste (turnusteneste) for helsepersonell (FOR 2000.12.21 nr 1382: (HOD)) <p><u>Aktuelle forskrifter for legetenesta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Forskrift om fastlegeordning i kommunane, 2000.04.14 nr 0328: (HOD) • Forskrift om praktisk teneste (turnusteneste) for å få autorisasjon som lege, 2001.12.20 nr 1549: (HOD) • Forskrift om akuttmedisinske tenester utafor sjukehus, 2005.03.18 nr 0252: (HOD) <p><u>Aktuelle og relevante lover og forskrifter for fysioterapitenesta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Forskrift om praktisk tjeneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut • Forskrift om turnusordningen for fysioterapikandidater i kommunehelsetjenesten • Forskrift om fastlønnstilskudd til delvis dekning av kommunenes utgifter til fysioterapitjenesten <p><u>Stortingsmeldingar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen • St.meld. nr. 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge

	<ul style="list-style-type: none"> • St.meld. nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller. • St.meld. nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening Framtidas omsorgsutfordringer
Med helsing (namn...):	Cecilie Bjørke, Mona Enes, Trygve B. Torjusen, Liv Sætre Eik

<p>Tenesteområde:</p>	<p>Tiltak og rådgjevingstenesta for alle (TRV) og NAV-Kvinnherad</p> <p>omfattar:</p> <p><u>Vaksenopplæringa:</u> Gjev språkopplæring og samfunnsfagundervisning til våre nye landsmenn. I tillegg grunnskuletilbod til personar som treng få dette tilbodet på ny og tilbod til personar som av annan årsak har mist språket.</p> <p><u>Psykisk helsetilbod og rusvern:</u> Har eit informasjonsansvar ut mot publikum. Vidare har tenesteområdet eit ansvar i høve samarbeid med 2. linetenesta og liknande instansar, gje råd og rettleiing til hjelpepersonell i kommunen og gjev oppfølging og støttesamtalar til einskildpersonar. Tenesta har og oppfølging med egne aktivitetssentra og gjev oppfølging i bustaden.</p> <p><u>Flyktingtenesta:</u> Tenesteområdet tek føre seg busetjing av flyktingar, både vaksne og einslege mindreårige. Målet for arbeidet er ei best mogeleg integrering av flyktingane i det norske samfunnet.</p> <p><u>Bustadordningane:</u> Kommunen forvaltar på vegne av Husbanken lån og tilskotsmidlar til vidareformidling til personar som skal etablere seg i eigen bustad eller som treng gjera endringar i høve endra livssituasjon.</p> <p><u>Støttekontakt:</u> Støttekontakt er eit tilbod for å gje einskild personar ei meningsfull fritid. Tilbod vert gjeve både som individuelt tilbod, tilbod i aktivitetsgrupper og i samarbeid med friviljug organisasjon.</p> <p><u>TT-Kort eller Transportordninga for funksjonshemma:</u> For einskilde som ikkje kan nytta offentleg kommunikasjon er TT-kort eit alternativ. er det</p>
<p>Status; situasjonen i dag:</p>	<p>Sjå også Langsiktige utfordringar.</p>
<p>Langsiktige utfordringar:</p>	<p>Rusomsorga og psykiske helsetenester.</p> <p>I åra frametter vert det auka etterspørsel etter rus- og psykiske helsetenester. Dette merkast både i høve rus- og psykiske helsetenester. Ei strukturendring innan psykisk helsevern på 2. linenivå både som fylgje av psykiatireforma og ytterlegare spesialisering jamfør samhandlingsreforma, akkumulerer brukarar i kommunen. Gruppa aktive sjuke vil verta større. Det vert nødvendig med tettare og meir pliktande samarbeid mellom DPS'a og lækjarane for å koma tidlegare inn i bilete.</p> <p>Det vil vera nødvendig med eit kommunalt initiativ til å skaffe hensiktsmessige, små, bustader. Ein hensiktsmessig bustad er heilt grunnleggjande behov som må på plass for å kunna koma vidare i arbeidet med å betra helsa og få ein betre livskvalitet.</p> <p>Det vil vera nødvendig med tettare og meir pliktande samhandlingsarenaer mellom born, vaksne og kommune.</p>

Det vert nødvendig å etablera team som tar imot unge vaksne som flyttar ut frå foreldreheimen, og som på annan måte ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å velja rett eller ta steget inn i vaksenverda.

Mange unge fell, av andre årsaker, ut av utdanningsløp dei går inn i. Einskilde har vanskar med å koma seg ut av foreldreheimen. Det går mykje verdifull tid vekk, før dei kjem seg i gong med noko. Det synes vera ei utvikling at personar fell tidlegare ut av gode løp. Det vil vera nødvendig å utvikla førebyggjande team. Teama skal ha som mål å hindre at unge går inn i lange dårlege utviklingsløp.

Eit internatskuletilbod på vidaregåande nivå, med oppfølging til dei einskilde ut frå individuelle behov og interesser, vil vera til hjelp til einskildpersonar i ungdomsgruppa.

Det vil i framtida vera behov for tilrettelagde arbeidsplassar og arbeidstreningsplassar, i tillegg til AFA A/S vert det nødvendig med eit vidare spekter arbeidsplassar tilsvarande det som i dag er knytt til Sunnhordland Industrier A/S. I konseptet er det tenkt ei byggruppe til særlege prosjekt. Sjølvbygging av eigen bustad er eit aktuelt prosjekt.

Det vil i framtida verta eit vesentleg og aukande behov for hjelp til folk i heimen. For å sikra ei berekraftig utvikling med ein større fleksibilitet kor ein set inn ressursane vil det vera nødvendig at tilboda meir vert dreia mot miljøarbeid, miljøarbeid er hjelp til sjølvhjelp.

Ledigong er rota til alt vondt, er eit gammalt ord, og gjeld også i helse samanheng. Det vil i framtida vera heilt avgjerande for gode livsløp at den einskilde får delta i sosiale og gode aktivitetar. Kommunen vil ha eit særleg ansvar i høve motivera einskilde til aktivitet og treng eit vesentleg tilfang å tilby frå kommunalt drivne tiltak til partnerskap og samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar.

Det vert viktig å påverka til auka samfunnsansvar mellom folk flest, kor inkludering vert ein viktig berebjelke. Rett veg å gå vert gjennom den breie kontakten kommunen har mot lag og organisasjonar og stimulera til at det einskilde lag og organisasjon har ei medviten haldning til personar som lett fell utanfor.

Det synes vera ei opphoping av personar, som fell utanom dei etablerte gruppene. Dette er personar, ofte unge, som treng hjelp til å få struktur i kvardagen og læra seg det mest

grunnleggjande med å leva, bu, administrera eigen økonomi med vidare.

For å få støttekontakttilbodet å strekka til fleire skal det satsast på tre nivå.

1. "Ein til ein" tilbod,
2. tilbod i grupper og
3. tilbod i lag og organisasjonar.

Det vert lagt vekt på helsefremjande aktivitet, nettverkbygging og hjelp til sjølvhjelp.

Støttekontakt tenesta vert i framtida særst viktige tiltak.

Ordninga er i endring også i vår kommune. Det vil vera nødvendig med klarare bestilling frå brukar med klare mål for tilbodet. "Fritid med bistand" som metode skal vera framtrudande. Metoden har som mål å gje hjelp til sjølvhjelp. Den einskilde skal introduserast for og på sikt verta inkludert i ønska aktivitet. I større grad enn no må støttekontakt-tilbodet vera ei hjelp til sjølvhjelp.

Aktivisering med eit helsefremjande fokus, vert gjennomgåande i aktiviseringa.

I noko mon vil det vera behov for tilbod slik det er i dag, med "ein til ein" tilbod. For å sikra berekraft på tilbodet, vert det nødvendig å gje gruppetilbod og etablera avtalar med lag og organisasjonar. Støttekontakt arbeidet må frametter også ha fokus på å vera døroppnar til nye og utvida nettverk.

Det skjer ei vesentleg folkevandring til den rikare delen av verda. Det er ikkje nokon grunn til å tru at denne vandringa vil stoppa opp. Vårt land har ei rekrutteringsutfordring i høve alle oppgåvene me ynskjer få løyst. Det vert viktig at kommunen skaffar seg eit positivt omdøme som signaliserer at me vil leggja til rette for dei som vil komma til vår kommune for å skape seg ei ny framtid. God norskopplæring og samfunnskunnskap til framandspråklege vil frametter framleis verta ei viktig arbeidsoppgåve for Vaksenopplæringa. Dette gjeld for dei som har klare rettar og dei som kjem for å søkja arbeid. God praktisk og teoretisk opplæring, kortar vesentleg ned på tida ein treng for å koma i samfunnsnyttig teneste.

Einskilde har rask progresjon i opplæringa og integreringa og tilpassa opplæringsløpet er nødvendig.

Vaksenopplæringa skal ha ei viktig rolle med å gje ny opplæring til personar som etter sjukdom, treng språktrening.

Det vert frametter fleire som fell ut av grunnskuleopplæringa. Vaksenopplæringa skal ha ansvaret for å gje nytt tilbod til dei som har krav på dette.

Samfunnsutviklinga og dei skiftingar som kjem, stiller krav til tilsette i verksemder kringom om oppdatering av kunnskap. Det kan vera grunn til å tru at det er noko skjult dysleksi i befolkninga. Vaksenopplæringa skal vera ein viktig samfunnsaktør og gje tilbod til fleire einskilmenneske og samarbeidspartar.

Gjennom Husbanken får kommunen stilt til rådvelde ordningar som kan letta kvardagen for einskildpersonar i kommunen.

Det vert viktig at kommunen utnyttar desse ordningane til fulle. Det er fire satsingsområder som skal prioriterast. Det eine er tilpassing av bustader i høve til personar som har fått endingar i livssituasjonen. Det andre er å prioritera lån og tilskot til flyktningar. Finansiering av sjølvbygde bustader vert det tredje satsingsområdet. Viser til sjølvbyggjarprosjekt. Det fjerde satsingsområdet vert i samarbeid med NAV og Pleie- og omsorg, å få ei maksimal utnytting av bustøtteordninga. Rekkefølga på satsingsområda er tilfeldig.

Flyktingtenesta skal verta tydelegare på kva rolle tenesteområdet har med omsyn til busetjing av flyktningar. I dette rolleavklaringsarbeidet er det nødvendig å lage plan for korleis flyktingarbeidet i vår kommune skal drivast fram. Ein viktig del av denne plan prosessen vert å gjera andre meir medvitne på sine roller. Det vert nødvendig med hyppig og kontinuerleg informasjon mot publikum og mot private- og offentlege verksemder. God integrering på alle nivå vil gje god samfunnsgevinst, auka forståing og ufarleggjing.

Flyktningar har med seg mange utfordringar, opplevingar frå krig og forfølging, svolt, sagn av familie, mangel på tilhøyring, med vidare. Det vert nødvendig med auka kompetanse på desse felte.

Flyktningar som vel å søkja vern i vårt land er ikkje sjeldan godt utdanna personar som kan tilføra vårt land viktig kunnskap. Det vert viktig raskt å få godkjend dei vitnemåla dei har. Slik at dei tidleg kjem på "rett hylle".

Integreringsarbeidet/miljøarbeidet mellom flyktningar må tilpassast og skje til tider då flyktingane er å treffa heime.

Dette fører til meir varierte arbeidstider, ettermiddag og kveldsarbeid.

Eit godt tiltak for å auka integreringa vert å få til ei ordning kor flyktningar tidlegast råd kan få hjelp til å verta introdusert for det rike lagslivet i kommunen og moglegheit til å verta inkludert.

Når kommunen rekrutterer i stillingar, skal kommunen ha ei medviten haldning til om flyktningar kan tilsetjast. Flyktningane er ein sær s viktig ressurs. Me må stimulera til at flyktningane vel å fortsetja å bu i vår kommune. Dette vil mellom anna bety ein del for, om me klarer å løysa dei rekrutteringsutfordringane framtida byr på.

NAV-Kvinnherad opplever at det er utfordringar knytt til ei kommunal og ei statleg line. Verksemda er konjunkturstyrt i høve aktivitet. Eksterne utfordringar vil vera avhengig av drifta og kva arbeidsløyse som er.

Økonomistyring og råd og rettleiing må ha eit auka fokus om finanskrisa ein opplever i dag vert langvarig.

Arbeidet med kvalifiseringsprogrammet vert ei viktig satsing frametter uavhengig om det vert gitt tilstrekkeleg statleg støtta til programmet eller ikkje.

Verksemda vil ha hovudfokus på at menneske skal behalda sjølvbiletet.

Det skal arbeidast aktivt for å styrka resurssituasjonen på den statlege lina.

Frametter vert det nødvendig å få til eit auka samarbeid med verksemdene i kommunen, då særleg TRV.

Det er stort behov for praksisplassar, og det vil verta arbeida aktivt for å skaffe fleire. Særleg gjeld dette plassar innan skjerma tiltak.

Det er ynskjeleg i samarbeid med TRV og AFA A.s å få til

Bruktbutikk

Flytte- og transport ordningar

Aktivitet/sysselsetjing for dei aller svakaste og dei som er unge

	<p>Det kan vera nyttig å tenkja ein jobbsentral i kommunen</p> <p>Omstrukturering og utbygging av velferdsstaten og ein auka tillit til kommunane som gode leverandørar av kvalitativt gode velferdstilbod til innbyggjarane, gjer at staten tilfører kommunane fleire oppgåver. Alle større reformer flyttar oppgåver frå statleg til kommunalt nivå. Ein av dei store utfordringane dei neste tiåra vert å auke kompetansen i tilsettegruppa og trekkja til seg nødvendig fagkompetanse utanfrå i høve dei nye oppgåvene som kjem.</p> <p>Det vert viktig for kommunen i åra som kjem å satsa sterkt på og leggja til rette for kompetanseheving mellom dei tilsette kommunen har i dag. Ei aktiv haldning her, vil trekkja til seg anna kompetent personale.</p> <p>Med nye og fleire velferdstilbod vil det verta fleire som krev dei rettane dei har. Det vert då viktig å arbeida for å få ei felles forståing for kva rettar ein har og tilbod ein kan gje.</p> <p>Auka velstand og betre økonomi mellom folk vil vera medverkande årsak til at me får eit auka alkoholforbruk i samfunnet. Dette gjev auka helsemessige utfordringar. Det vert ikkje uviktig kva skjenkepolitikk som vert ført.</p> <p>Det vil verta utfordringar knytt til personar som er avhengig av å spele. Ikkje berre er dette av økonomisk karakter. Stor uro knyter det seg til personar (yngrebylgja), med redusert sosial fungering, som isolerer seg på barnerommet og går inn i ei virtuell verden kor dei gjennom spel opplever meistring og suksess.</p> <p>Det er råd å sjå ein auke i åtferdsproblem med lågare terskel på kva ein tåler.</p> <p>Det er ikkje venta vesentleg auke i tal personar med psykiske utfordringar. Det vert viktig å fanga opp dei utfordringar den einskilde har på eit så tidleg stadie i livsløpet som råd. Tidleg intervensjon på rus- og psykiatrifeltet vert viktig.</p> <p>Pårørande er ofte sterkt involvert i einskild saker. Det vert viktig å samarbeida godt med og støtta pårørande gruppene. Pårørande vert i einskildsaker utsett for store belastningar samstundes som pårørande også er ein ressurs for den einskilde og tenesteapparatet.</p> <p>Sjukehusa (2. Linetenesta) vert etter kvart meir spesialisert og</p>
--	--

	<p>”liggetida” vert kortare. Dette fører til at personar er sjukare før dei kjem til behandling og vert skrivne ut frå sjukehus medan dei framleis fungerer dårleg.</p> <p>Det vil då lokalt verta trong for noko meir differensiert 24 timars tilbod. Det er naturleg å tenkja korleis få til gode kommunale/interkommunale rehabiliteringsløysingar innan psykisk helse og rus som er to fagfelt knytt til TRV.</p> <p>Aktiv behandling og oppfølging av sjukdomen med aktivisering i aktivitetssentra og gjennom arbeid.</p>
<p>Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:</p>	<p>Aktiv bustadpolitikk Treningsbustader for unge vaksne. Aktive og gode oppfølging og kvalifiseringsprogram for unge med internatskule på vidaregåande nivå og fleira tilrettelagde arbeidsplassar.</p> <p>Samhandlingsarenaer – born-vaksne-organisasjonar-kommune</p> <p>Miljøarbeid med hjelp til sjølvhjelp som eitt berande prinsipp for den hjelpa verksemda gjev til sine innbyggjarar.</p> <p>Motivera og stimulera til å etablera gode og sosiale aktivitetar for alle grupper. Samfunnsansvar og inkludering må innarbeidast som nøkkelomgrep.</p> <p>Støttekontaktenesta skal fokusera på helse og nettverkbygging.</p> <p>Framandspråklege og arbeidsinnvandrarar som kjem til vår kommune skal møtast med eit tilbod som gjer at dei vel å busetja seg i vår kommune.</p> <p>Det skal lagast plan for flyktningsarbeidet i kommunen med rolleavklaringar.</p> <p>Flyktingar som vert busett må raskt komma ”på rett hylle”.</p> <p>I rekrutteringssamanheng må kommunen ha ein medviten haldning til om flyktingar kan tilsetjast.</p> <p>Økonomistyring og råd og rettleiing på økonomi skal ha auka fokus i økonomisk vanskelege tider.</p> <p>Kvalifiseringsprogrammet og utvikling av dette vert eit viktig mål for NAV.</p> <p>Det vert viktig å arbeida for å ha ein personalressurs som samsvarar med oppgåvene som skal løysast.</p>

	<p>Etablere godt samarbeid med andre verksemder.</p> <p>Stimulere til å vidareutvikle tilbod til personar som treng arbeidsavklaring.</p> <p>Det vert viktig å styrke kompetansen med omsyn til mellom anna;</p> <ul style="list-style-type: none"> • miljøarbeid • støttekontaktarbeid/treningskontaktar • bustadsosial oppfølging • bustadutvikling, bustadbygging og utleigeverksemd • flyktningararbeid og traumehandtering mellom desse • pårørandearbeid
<p>Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):</p>	<p>Planleggja og utvikla eige bustadprogram for å i vareta eigne behov for bustader av alle slag.</p> <p>Politisk bestemma å satsa på miljøarbeid og utvikla og stimulere til auka kompetanse på området.</p> <p>Ein tydelegare politikk på kva forventningar det er til lag og organisasjonar i kommunen.</p> <p>Tilføra auka kompetanse til støtte-/treningskontakt arbeidet og utarbeida program for auka kompetanse mellom støtte-/treningskontaktane.</p> <p>Vidareføra tilbodet til verksemder om norskopplæring for arbeidsinnvandrarar.</p> <p>Plan for flyktningararbeidet som stimulerer til involvering frå alle kommunale verksemder og samfunnet.</p> <p>Vedtak på at når det ikkje er faglege tilhøve som skil arbeidssøkjjarar, skal utanlandsk arbeidssøkjjar føretrekkast.</p> <p>Fleire arbeidstreningsplassar og arbeidsplassar for svake grupper i kommunen; bruktbuikk, flytte/transport tilbod, jobbsentral.</p> <p>Gode økonomiske- og permisjonsordningar som stimulerer til å ta utdanning kommunen treng.</p>
<p>Tiltak som må/bør gjennomførast for å fylgja opp målsetjingane/strategiane:</p>	<p>Eigen avdeling for utvikling av bustadprogram</p> <p>Eigen avdeling for miljøarbeid/bustadsosial oppfølging</p>
<p>Evt. kommunale plandokument for tenestområdet:</p>	<p>Plan for psykisk helse og rusvern i kommunen</p> <p>Plan for flyktningararbeidet</p>
<p>Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:</p>	<p>Husbanken</p> <p>IMDI</p> <p>Samhandlings reforma</p>
<p>Med helsing (namn...):</p>	<p>Kjell Sigbjørn Røssland for TRV og NAV</p>

Tenesteområde:	Pleie- og omsorg
Status; situasjonen i dag:	<p>Kvinnherad har fram til i dag vore ein god kommune å bli gamal i, kommunen har høgt nivå på tenestetilbodet. Eldreomsorga i kommunen er samla kring omsorgsbasane på Halsnøy-, Husnes-, Rosendal-, og Hatlestrandsona. Her har kommunen samla omsorgsbustadar, rehabilitering, institusjonsdrift og heimebaserte tenester under eit tak med ei felles leiing. Dette er ein driftsmodell som vi no ser både var klok og framtidsretta då den vart vedteken for 20 år sidan. I tillegg til dette har kommunen 2 bufellesskap innan psykiatrien og Herøysund kompetansesenter som organiserer tilbodet til 21 utviklingshemma.</p> <p>Fundament for tenesta har vore målsettinga om tryggleik for alle brukarar, - kunna bu lengst mogeleg i eigen heim, og at brukar skal kunne styre og bestemme mest mogeleg over eige liv.</p>
Langsiktige utfordringar:	Oppretthalda framtidig tenestetilbod på dagens nivå.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Visjonen vår er: <i>Fremja nærleik, tryggleik og livskvalitet</i></p> <p>Verdiane våre er: Tenesta byggjer på <u>samhandling</u> , <u>heilskap</u> og <u>respekt</u>, der den einskilde brukar skal kunna;</p> <ul style="list-style-type: none"> • bu i eigen heim • påverke eige liv (brukarmedverknad) • oppretthalde eige nettverk • oppretthalda verdigheit, sjølvrespekt og identitet • ta ansvar for å meistre eigen livssituasjon så langt krefter og evner strekke til. <p>Måla våre: Overordna mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Brukaren har eit trygt og meningsfylt tilvære.</i> <p>Hovudmål med delmål:</p> <p>H.1 Brukaren er trygg. D.1 Tenesta er tilgjengeleg heile døgnet. D.2 Brukaren kjenner tenesta og rettane sine. D.3 Brukaren har tillit til utøvarane av tenesta. D.4 Brukaren sine krav til rettstryggleik er ivareteken. D.5 Brukaren får den hjelp han/ ho treng til ein kvar tid.</p> <p>H.2 Brukaren held oppe sin identitet og sjølvrespekt. D.1 Brukaren tek ansvar for eige tilvære. D.2 Brukaren har privatliv.</p>

	<p>D.3 Brukaren tek vare på og vel sine egne verdier og normer. D.4 Brukaren har tilbud om høveleg bustad ut frå eigen trong. D.5 Brukaren heldt oppe det sosiale nettverket.</p> <p>H.3 Brukaren meistrar daglege aktivitetar. D.1 Brukaren aksepterer og meistrar sitt funksjonsnivå. D.2 Brukaren gjer seg nytte av egne og miljøet sine ressursar. D.3 Brukaren førebyggjer/ opprettheld og tileignar seg nye funksjonar og vinn att tapte ressursar. D.4 Brukaren har høve til å ta del i vanlege kulturelle og sosiale tiltak i kommunen.</p> <p>H.4 Brukaren får ein verdig omsorg ved livets slutt. D.1 Brukaren bestemmer sjølv kvar han/ho vil døye. D.2 Får nødvendig hjelp og støtte til å bearbeide egne tankar og kjensler.</p>
<p>Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på å utvikle leiarkompetansen på alle nivå • Kompetansehevande tilbud til egne tilsette. Brukar skal møte kompetent personell som "ser" den enkelte og deira behov • Optimalisere bruk av tilgjengeleg teknologi og tekniske løysingar innan IT, smart hus, alarmer, i heim og på institusjonane våre. • Brukarmedverknad som ressurs, samarbeidspart og grunnlag for organisatorisk tenking. (Brukar i sentrum) • Utvikle kompetente sakshandsamarar som grunnlag for likebehandling i heile kommunen • Ta i bruk fleiere korttids plassar til avlsatning, rehabilitering, lindrande behandling, etterbehandling, observasjon og behandling • Meir fokus på førebyggjande tiltak. Dette inneber framleis fokus på kultur og aktivitet retta mot ulike grupper av befolkninga. Utvikle gode/helsefremmande møteplassar. Dette inneber utvikling av; <ul style="list-style-type: none"> ○ Dagtilbod ○ Aktivitetssentera ○ Samarbeid med kultursektor (kulturelle spaserstokken) ○ Treningstilbod på dagtid ○ Helsestasjon for eldre ○ Koordinering innan bustad. (Bustadkontor) • Utvikle og styrke interne/eksterne samhandlingsrutinar
<p>Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utbygging av Rosendalstunet • Utbygging av nye bufellesskap i Herøysund. Vurdere dette vidare der dette syner seg naudsynt i samband med årleg rundering av bustadplan.
<p>Evt. kommunale plandokument for</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Omsorgsplan 2020 • Bustadplan • Psykiatriplan

tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	<ul style="list-style-type: none"> • Samhandlingsreforma (St.meld nr.47 2008 – 2009) • Omsorgsplan 2015 (St. meld. nr. 25 2005 - 2006)
Med helsing (namn...):	Leif K. Kongestøl

Tenesteområde:	Institusjonsutbygging
Status; situasjonen i dag:	<p>Dei siste 10-åra har kommunen gjennomført ei storstilt institusjonsutbygging. Husnestunet og Halsnøytunet er blitt bygd om og utvida, Villatoppen avlastningsbustader er realisert, terapibad og legevaktsentral er på plass, omsorgsbustader og psykiatribustader for unge er etablert og rusbustader er under etablering, psykiatritilbodet er bygt ut ved Omstun i Rosendal og Utsikten på Valen, Husnes ungdomsskule er kraftig oppgradert og det same er skulane Åkra, Hauge, Øyatun, Sætre, Hatlestrand, Uskedalen, Sunde, Malmanger, Mauranger og delvis av Undarheim. Den nye Halsnøy barneskule er under bygging og planar for utbetring av Rosendal ungdomsskule er under utarbeiding. Barnehagane er bygt ut delvis i privat og delvis i kommunal regi i mange bygder for å få full dekning. På Husnes er vaktmeisterbase realisert, kulturhuset er blitt opprusta, det kommunale tenestesenteret er blitt større, etter aktiv jobbing frå kommunen er den vidaregåande skulen snart ferdig utbetra og ein er klar til å starte bygging av nytt kulturskulesenter, i Rosendal er det etablert nasjonalparksenter og kommunen har delteke i realisering av to idrettshallar.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Den omfattande utbygginga har ført til at lånegjelda til kommunen har auka kraftig. Framleis har kommunen store utfordringar knytt til utbygging så vel innan pleie- og omsorg som innan skule og barnehagar. For å unngå ein lånegjeld som kommunen ikkje vil makte med er det viktig med streng prioritering av kva institusjonar som skal byggjast ut. I tillegg må det stadig vurderast kva som kan overlatast til private utbyggjarar.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Få oppgradert alle dei institusjonsbygg som skal nyttast i framtida til fullgod standard.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<p>Jobbe vidare med tanke på nye strukturar med behov for færre institusjonsbygg, samtidig som ulike eigarstrukturar blir vurdert.</p>
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<p>Når Halsnøy skule er ferdig er det Rosendal ungdomsskule, Undarheim skule og Uskedalen skule som må få prioritet på skulesida. Av barnehagane er det først og fremst ny privat barnehage på Valen som må på plass, og nnan pleie og omsorg er det utviding og ombygging av Rosendalstunet som er det store prosjektet. Her må alle mogelege løysingar vurderast for å sikre at veksten i driftsutgiftene ikkje blir større enn det kommunen maktar med.</p>
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<p>Planar er under utarbeiding for Rosendal ungdomsskule, Valen private barnehage og Rosendalstunet. Planar for Undarheim skule og Uskedalen skule må utarbeidast så snart desse utbyggingsoppgåvene er starta opp.</p>

Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Næring
Status; situasjonen i dag:	<p><u>Organisering av næringsutviklingsarbeidet:</u> Ordførar er tiltakssjef. Verksemd for samfunnsutvikling har næringsutvikling som oppgåve. Førstelinetenesten for etablerarmottaking, sakshandsaming til næringsfondet, landbruksrettleiing, entrepenørskap i skulen og arealforvaltning er lagt til denne verksemda. I 2010 vart det tilsett næringsrådgjevar. Forvaltning av kommunale næringseigedomar vert utført på Verksemd for tekniske tenester.</p> <p>Kvinnherad Næringssservice er ein sjølvstendig medlemsorganisasjon der nærare 100 bedrifter inkl. kommunen er medlem. Ordførar har møterett i styret, og det er eit godt samarbeid mellom KN og KK.</p> <p><u>Oversyn over tal bedrifter og tal tilsette pr januar 2010:</u> Primærnæringane med vel 330 aktive landbrukseigedomar og 24 havbrukseiningar der oppdrettsverksemda utgjer ein viktig del, 170 bedrifter innan oppføring av bygg og anlegg ,78 Helse, undervisning og sosiale omsorgstilbod,70 industribedrifter som byggjer skip, produserar metallvarer og reparerar maskinar, 40 overnatting- og serveringsbedrifter, 16 bedrifter som produserar elektrisitet, Totalt omlag 1970 bedrifter.</p> <p>Det er 2078 personar sysselsett i kommunal og statleg tenesteyting, 1320 i bygging av fartøy og anna industri,1014 i Hotell, restaurant, transport, post og varehandel, og 559 i Forretningsmessig og anna privat tenesteyting, 487 i bygg og anlegg, kraft og vassforsyning, 398 i primærnæringane. Totalt 5856 sysselsette.</p> <p>Det bur 13164 personar i kommunen</p>
Langsiktige utfordringar:	Auke befolkninga, ta vare på det allsidige næringslivet og skape nye arbeidsplassar, tilrettleggje næringsareal, forvalte naturressursane våre på ein økonomisk og berekraftig måte.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Auke tal bedrifter til 2000 med særskild fokus på produksjonsbedrifter, halde landbruksarealet i hevd med aktivt landbruk, halde fram med berekraftig oppdrettsaktivitet og auke aktivitetstilbodet knytt til reiselivet.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Lage vedtekter for det nye næringsfondet, revidere landbruksplan
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Etablere nytt næringsfond, skaffe og opparbeide næringsareal i fleire deler av kommunen. Lage ei velkomsthefte til nye innbyggjarar med fyldig informasjon om lokale tilhøve på heimesida. Auke innsatsen når det gjeld ungt entrepenørskap
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Vedtekter for næringsfondet, Landbruksplan
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar,	Jordvern, Ungt Entreprenørskap, Reiselivsstrategi, Innovasjon Norge, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen si landbruksavdeling sine føringar for næringsutvikling

planar osb.:	
Med helsing (namn...):	Karin Thauland

Tenesteområde:	Landbruk Jordbruk og skogbruk
Status; situasjonen i dag:	Kvinnherad er ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland. Det er eit aktivt jordbruk med ca 280 bruk som søkjar produksjonstilskot og satser på mjølk, slaktedyr og sau. Skogbruk har lange tradisjonar i kommunen og det er brukt mykje tid og krefter på å reise skog i kommunen etter krigen. Det skjer no ein auke i hogsten år for år. Det vert satsa mykje på nye næringar med utgangspunkt i gardsbruka i kommunen. Nemnast må energiproduksjon, turisme, salg av jakt og Inn på Tunet. Landbrukskontoret behandlar saker etter jordlov, konsesjonslov, odelslov, skoglov og dispensasjonsaker etter plan og bygningslov. Landbrukskontoret behandlar søknader om tilskot innanfor landbruk; som produksjonstilskot, sjukeavløysing, SMIL og NMSK. Totalt beløper dette seg til om lag 45 millionar kroner som vert delt ut innanfor landbruksnæringa kvart år.
Langsiktige utfordringar:	Sikre eit levedyktig landbruk som gir trygg mat, sikre arbeidsplasser og god dyrevelferd. Ta vare på skogområda som areal for næringsdrift, sikker tilgang på råstoff og som leveområde for vilt og fugl.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Redusere avgangen av dyrka mark slik at vi har grunnlag for langsiktig trygghet for deltakarane i næringane. Det er eit mål å betre infrastrukturen i skogbruket og å få opp nye generasjonar skog ved å sikre gjenvekst av kvalitetsvirke etter hogst.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Sikre areal for framtidig jord - og skogbruk. Legge til rette for auka omsetning av landbrukseigedomer og slik sikre at eigedomane vert nytta i størst mogeleg grad til bustad og som senter for næring.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Utarbeide gode gardskart som gir godt oversyn over ressursane på bruka i kommunen.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Landbruksplan for Kvinnherad. Oversiktsplan for skogbruket i Kvinnherad.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osb.:	Ulike Stortingsmeldingar om landbruk. Arealstrategi for Hordaland. Strategiplan for skogbruket i Hordaland 2009-2013
Med helsing (namn...):	Terje Natland

Tenesteområde:	Næringsutvikling
Status; situasjonen i dag:	<p>Kvinnherad har dei siste 10 åra klart å snu ei negativ næringsutvikling til ny vekst med fleire nyetableringar og utviding av eksisterande verksemder. Frå 2004 til 2008 auka talet på arbeidsplassar i kommunen med 603 frå 5480 til 6083. Dette er ein auke på fire år på heile 11,0 %. Auken er liten i primærnæringane og i offentleg forvaltning. Det er først og fremst industrien og dei tenesteytande næringane som har auka sysselsetjinga.</p> <p>I kriseåret 2009 er det blitt 62 færre arbeidsplassar i kommunen. Nedgangen fordeler seg på primær, offentleg og på industrien, medan det også dette året er vekst i dei tenesteytande næringane. Dermed har kommunen fått ei større mangfald av arbeidsplassar, og ein er blitt mindre sårbar for store svingingar spesielt i industrien.</p> <p>2010 såg lenge ut til å bli eit spesielt vanskeleg år for industrien. Dette har no endra seg då fleire verksemder har fått nye rekordstore ordrar, samtidig som signala også for Søral sitt vedkommande er meir positive. Dermed ser det ut til at nedgangen i industrisysselsetjinga vil bli endra til ny oppgang. Byggebransjen i Kvinnherad melder også om framleis gode tider. Talet på nye hytter og bustadhus har samla dei siste åra lege på rundt 100 pr. år. Samtidig er det stor etableringslyst innan så vel primærnæringane som industrien og dei tenesteytande næringane. På toppen av dette kjem ei omfattande utbygging av minikraftverk og store offentlege bygg og anlegg. Resultatet er blitt ei byggenæring som også er i vekst.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Industrien i Kvinnherad er svært sårbar for internasjonale svingingar, og difor vil eit Europa i krise kunne få store konsekvensar. Spesielt kraftkrevjande industri er avhengig av gode og langsiktige kraftavtaler. I tillegg er skipsverfta og den store mekaniske industrien svært avhengige av at kostnadane ikkje aukar meir her enn i andre land. Kvinnherad er det området i Hordaland som er mest sårbare for endringar i industrien, og difor er det heilt avgjerande å få etablert alternative arbeidsplassar i kommunen, samtidig som reisetida ut av kommunen til større arbeidsplasskonsentrasjonar må reduserast.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Oppretthalde og styrke industriarbeidsplassane i kommunen samtidig som det blir tilrettelagt for etablering av nye arbeidsplassar innan primærnæringane, offentlege tenester og spesielt tenesteytande næringar. Samtidig må det arbeidast for betre kommunikasjonar slik at pendling så vel inn til kommunen som ut til større arbeidsplasskonsentrasjonar kan auke.</p>
Strategi(ar) for å nå	<p>Samarbeide godt med næringslivet og jobbe aktivt for tilrettelegging av industriareal, næringsareal, sentrumsareal,</p>

målettinga(ne):	<p>reiselivsareal og areal for hytte- og bustadbygging. Bruke næringsfondet aktivt for å oppnå vekst i talet på arbeidsplassar.</p> <p>Stå på for å få til vidare vegbygging og betre kommunikasjonsårer ut og inn av kommunen.</p>
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<p>Arbeide for utviding av sentrumsområda i kommunen, og då spesielt Husnes sentrum og Rosendal sentrum. Jobbe for å få tilrettelagt Husnes industriområde, Risnes industriområde og Sandviklia industriområde, samtidig som det blir sikra utviding av Børnes industriområde, Årsnes industriområde og Høylandsbygd industriområde.</p> <p>Jobbe aktivt med samferdsle og då spesielt indre "Hordfast" og innkorta samband mot Stord, noko som vil gje kommunen pendlingsavstand til Bergen og Haugesund.</p>
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<p>Utarbeiding av strategisk næringsplan for kommunen bør prioriterast. Det same må arbeidet med å bygge opp eit stort næringsfond. Vidare må det utarbeidast planar for å få til vidare sentrumsvekst, reiselivsvekst og industrivekst.</p>
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	<p>Kvinnherad kommune er det mest sårbare området i Hordaland. Til tross for dette har ein makta å oppretthalde og å skape ein optimisme og eit etableringsmiljø som har ført til vekst i folketalet. For å oppnå dette har det vore avgjerande med støtte og samarbeid frå stat og fylke. Slik støtte vil også i framtida vere nødvendig om Kvinnherad skal makte å oppretthalde og helst auke talet på arbeidsplassar og dermed også talet på innbyggjarar.</p>
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Tilrettelegging næringsområde
Status; situasjonen i dag:	<p>For ei distriktskommune som Kvinnherad er det heilt avgjerande å legge forholda best mogeleg til rette for vidare næringsutvikling. Difor vart det alt på 80-talet bestemt at alle prosjekt og alle saker knytt til næringslivet skulle ha prioritet. Det vart dermed utarbeidd reguleringsplanar som sikra areal til utviding av eksisterande verksemder, det vart utarbeidd reguleringsplanar og tilrettelagt reine kommunale nærings- og industriområde, det vart kjøpt opp viktige areal for framtidige etableringar og det vart gjeve prioritet til alle byggesøknader frå næringslivsbedrifter. I Husnesområdet der aktiviteten har vore størst har det dei siste åra minka på dei mest attraktive areala ved sjøen. Difor har kommunen, Sørø og tre lokale verksemder gått saman i eit aksjeselskap som skal stå for planlegging, tilrettelegging og sal av industriareal i området rundt Sørø. Samtidig arbeider kommunen saman med lokale verksemder om å få planlagt, kjøpt og tilrettelagt deler av Sandviklia til industriføremål. På Børnes blir det arbeidd for å få til ei utviding, i Landamarka er tomtar blitt selde, Ved Ranavik er større areal selt og i Høylandsbygd er nytt industriareal teke i bruk. I Opsangervågen og på Sandvoll er det meste utbygd medan ein på Prestnes endeleg har kome i gang med utviding. I Husnes næringsområde er alle tomtar selde, men enno er ikkje tomtane tekne i bruk. På gamle Årsnes er Norsafe godt etablert og det er planar om etablering også på nye Årsnes. Neslia industriområde er selt til hotellføremål, medan industriområde på Valen, Uskedalen, Sæbøvik, Rosendal og Sunde er omregulert til bustadføremål og til andre næringsføremål.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Så lenge det er vekst og utvikling i industrien i landsdelen, er det viktig at kommunen kan tilby gode og attraktive industriområde, og at det blir sikra areal til utviding av eksisterande verksemder. Med stadig aukande vanskar med å få nytte stranda til buføremål, så aukar presset på å få omdisponert gamle industriområde. Her er det viktig med ein klar politikk frå kommunen si side slik at ein unngår å misse arbeidsplassar grunna mangel på sjønære industriareal.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Til ei kvar tid kunne tilby ledige industri- og næringstomter i dei ulike deler av kommunen. Samtidig må eksisterande verksemder sikrast nødvendig utvidingsareal. Omdisponering av næringsareal til buføremål bør begrenast.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<p>For å få på plass nødvendig areal til næringsutvikling må kommunen samarbeide nært med næringslivet. I tillegg må det løyvvast nødvendige midlar til slik slikt tilretteleggingsarbeid.</p>
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp	<p>Vidareutvikling av Husnes, Risnes, Børnes, Årsnes og Sandviklia industriområde. I tillegg kjem utvikling av alle andre næringsområda og sikring av utviding rundt eksisterande</p>

målsettingane/strategiane:	verksemder.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytting til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Bygging
Status; situasjonen i dag:	55 ferdige husvære i 2009, 121 ferdige husvære i 2008 og 55 ferdige husv. i 2007. Vi ser ei sterk sentralisering i Husnes/Valen/Sundeområdet og Rosendal/Seimsfoss-området. Elles ser vi byggefelt i Dimmelsvik er populært. Vedr. fritidshus så er det bygd 18 i 2009, Det vart bygd 30 i 2008 og 27 stk i 2007. Her var det Ølve/Hatlsestrand, Halsnøy/Fjelberg og Sandvoll som hadde størst aktivitet.
Langsiktige utfordringar:	Tilrettelegging av tomter m/ tekniske anlegg i privat regi.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Byggja årleg 90 nye husvære og 50 fritidshus. Sentrumsutvikling, fortettingsområder. Avklarte byggeområder v/oppdaterte kommuneplanar og reguleringsplanar. Spredd bygging i utkant bygder i kommunen.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Godt utbygd offentleg vatn- og kloakknett. Avklarte områder for spredd bygging i utkant bygder i kommunen slik at sakshandsaming kan gå utan dispensasjon. Tilretteleggje gode sports- og fritidsarenaer.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Avklare kommunens tenestetilbod i dei ulike delene av kommunen (skule, barnehage, eldresenter, samferdsle og næringsområder). Yte etableringstilskot til nybyggjarar eler nyetablerarar av arbeidsplasser.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Godt oppdatert planverktøy.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Jon Harald Kjærland

Tenesteområde:	Bustadbygging
Status; situasjonen i dag:	<p>Bustadbygging.</p> <p><u>Status:</u> Kvinnherad kommune hadde tidlegare nærmast monopol på tilrettelegging av bustadtomter. Kommunen utarbeidde planar for felt i dei fleste bygder, erverva grun, opparbeidde områda og selde så tomtane til ein pris som kun dekkja kommunen sine dokumenterte kostnader.</p> <p>Ut over på 90-talet auka talet på uselde tomter samtidig som den kommunale økonomien tvinga fram omprioriteringar. Resultatet vart stans i mest all kommunal tomtetilrettelegging. For å unngå at dette skulle føre til stans i all bustadbygging var kommunen aktiv i arbeidt med å få tilrettelagt felt i privat regi. Kommunale selde areal til private byggefirma, det vart peikt på eigna areal avsett til bustadføremål, og det vart hjelpt til med planlegging av nye felt, og det vart hjelpt til med sjølve grunnkjøpet. Resultatet av dette vart at bustadbygginga i Kvinnherad framleis på slutten av 90-åra var mellom dei høgaste i fylket.</p> <p>I åra etter har den private marknaden etter kvart overteke alt arbeid med tilrettelegging av bustadtomter. Kommunen avset rett nok areal til bustadføremål i dei overordna planane, men deretter er det private som står for detaljplanlegging, arealkjøp, tilrettelegging, sal og ofte også sjølve bustadbygginga. Framleis er det høg byggeaktivitet i kommunen, men meir enn tidlegare skjer veksten i dei mest sentrale bygdene der etterspørselen er størst. Den politiske styringa er såleis blitt mindre enn tidlegare, då kommunen bestemte kva felt som til ei kvar tid skulle opparbeidast.</p>
Langsiktige utfordringar:	For å oppretthalde den høge byggeaktiviteten er det viktig at kommunen i sine overordna arealplanar set av gode og attraktive areal til bustadføremål. Vidare blir tilrettelegginga i ein del bygder hindra av at ein ikkje maktar å få hand om nødvendige areal. Kommunen bør difor delta meir aktivt i arbeidet med å få hand om byggjeland.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Oppretthalde ein byggeaktivitet i kommunen på mellom 50 og 100 bustadhus kvart år.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Syte for god planberedskap og at det til ei kvar tid er nok areal avsett og opparbeidt til bustadføremål. Om nødvendig må omregulering av areal akseptast, og det bør framleis vere mogeleg å få godkjent så vel nye som gamle bustadhus til hytteføremål.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp	Godkjende planar og sentrumsnære bustadfelt i alle dei større bygder. Felt med større tomter blir reservert til meir perifere

målsettingane/strategiane:	områder.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Kommunedelplanar for heile kommunen må utarbeidast, godkjennast og reviderast etter behov. Detaljplanar må utarbeidast i tråd med offentlege krav.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Sentrumsutvikling
Status; situasjonen i dag:	<p>For Kvinnherad kommune var det tidlegare viktig å sikre lik vekst i alle bygder. Etter kvart vart det likevel utvikla ein sentrumspolitik med to hovudsenter og fleire delsentar. Planar vart utarbeidde og tiltak vart sett i verk for å få til ei sentrumsutvikling så vel på Husnes og i Rosendal, som på Sæbøvik, Sunde, Valen, Herøysund, Uskedale, Dimmelsvik og Hatlestrand. Først dei siste åra er det blitt meir akseptert å satse sterkt på eit hovudsenter. Husnes har etter kvart utvikla seg til å bli eit sterk forretningssenter, og spesielt i dei siste åra har ein makta å få til ein vekst som har gjort Husnes til eit av dei største serviceområda i regionen. Med ombygging og nybygging har talet på forretningar auka sterkt samtidig som også andre servicetilbod har vakse fram. Resultatet er blitt auka tilstrøyming og nye etableringsplanar.</p> <p>Også Rosendal har utvikla seg kraftig som turistsenter, og her ligg det føre spenstige planar om tiltak som vil kunne fremje Rosendal ytterlegare som eit regionalt fyrtårn innan reiseliv.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Sentrumsutvikling er viktig skal ein makte å oppretthalde busetnaden og utvikle kommunen vidare. Samtidig er det avgjerande at handel i eit sentrumsområde blir kopla opp mot andre tenester og mot ulike kulturtilbod og andre trivselsfremjande tiltak, slik at sentrum blir ein pulserande, triveleg og mykje brukt møteplass for alle innbyggjarane og tilreisande.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Utvide Husnes sentrum ytterlegare med nytt kulturskulesenter og andre kulturtilbod, betre hotelltilbod, utvida service- og forretningstilbod med større mangfald, meir sentrumsnære bustader, meir trafikkisikring og utvida bilfri torgplass og park med attraktive møteplassar. Utvikle Rosendal vidare med auka overnattingskapasitet, nye besøksmål og utviding av eit attraktivt sentrumsområde ned mot sjøen.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<p>Delta aktivt i arbeidet med å få på plass nødvendige detaljplanar, og samarbeide godt med utbyggjarar som ønskjer å realisere dei planar og idear som ligg føre.</p>
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<p>Realisere kulturskulesenteret og torgplassen rundt, oppgradere hotellet, samt få på plass nytt forretnings og servicetilbod nær Husnes storsenter der også bustader inngår. Vidare må Opsangervegen oppgraderast med miljøtiltak og meir gang- og sykkelvegareal.</p> <p>I Rosendal må Skålafjøre byggjast ut med bustader- og servicetilbod, samtidig eksisterande verksemder må sikrast utviding og hamneområdet må oppgraderast.</p>
Evt. kommunale plandokument for	<p>Reguleringsplanar for sentrumsområda må utarbeidast og reviderast i tråd med utviklinga.</p>

tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Samferdsle
Status; situasjonen i dag:	Kvinnherad kommune har dei 10 siste åra opplevd ein revolusjon i samferdsletilhøva. Folgefonntunnelen med vegutbetring gjev kommunen vegutløysing, Halsnøysambandet med vegutbetring bind saman Halsnøy og kommunen samtidig som ferjesambandet til Stord blir korta inn, utbetra veg over fjellet gjev Åkra og Matre raskare og sikrare samband til resten av kommunen, medan sambandet til Bergen er blitt langt raskare med vegutbetring og ny ferjekai på Årsnes, Holmefjordparsellen, Moshovdatunnelen og utbetra tunnelar frå Gjermundshamn til Mundheim.
Langsiktige utfordringar:	Styrke busetnaden i Kvinnherad gjennom etablering av akseptabel pendlingsavstand til dei store arbeidsplasskonsentrasjonane i Bergensregionen og i ytre Sunnhordland/Haugalandet
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<ul style="list-style-type: none"> - Få realisert den indre ferjefrie kyststamveglinja "Hordfast" med bru over Samnangerfjorden. Den vil opne ei ny og raskare reiseruta mellom Bergen og Oslo via Gjermundshamn – Årsnes, noko som vil føre til kraftig styrking av ferjetilbodet og ekstra press på vidare vegutbetring. Dermed vil Kvinnherad bli ein naturleg del av pendlingsområdet til Bergensregionen. - Få realisert eit kortare og raskare ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Dermed vil ferjefrekvensen bli auka og reisetida redusert, slik at Kvinnherad blir ein endå meir naturleg del av pendlingsområdet til storregionen Stord/Haugesund. - Sikre betre interne vegsamband slik at reisetida mellom dei ulike bygdene blir redusert og dei ulike delane av kommunen blir knytt saman til ei naturleg eining.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> - Prioritere tiltak som vil føre til auka bruk av traseen Bergen – Haukeli via Kvinnherad - Jobbe aktivt saman med nabokommunane for å få stat og fylke til å prioritere rask realisering av "Hordfast" og innkorta ferjesamband mot Stord. - Utarbeide planar for viktige vegprosjekt i eigen kommune. - Sy saman finansieringspakkar for å få viktige prosjekt raskt realisert.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<ul style="list-style-type: none"> - Tunnel bak Tysse vil saman med nye Årsnes ferjekai gje ei reisetid mellom Bergen og Odda/ Haukeli som er lik reisetida via dei to alternative rutene Jondastunnelen og Hardangerbrua. Når Folgefonntunnelen blir gratis i 2016 vil reiseruta bli det klart rimelegaste alternativet. - Ny hovudveg mellom Os og Bergen vil opne for ei alternativ rute som vil korte ned reisetida mellom Flesland og Odda/Haukeli ytterlegare. - Dei nye Haukelitunnelane vil gje den sikraste vinterkryssinga av høg fjellet mellom Bergen og Austlandet.

	<ul style="list-style-type: none"> - Vidare utbetring av riksvegen mellom Årsnes og Austrepollen vil føre til at dette blir den raskaste og truleg mest nytta reiseruta mellom Bergen og Haukeli. - Realisering av "Hordfast" med bru over Samnangerfjorden vil føre til at store deler av trafikken mellom Bergensregionen og Austlandet vil gå via Kvinnherad. Dette vil gje betre ferjetilbod, auka vegstandard dermed kortare reisetid til Bergen. - Ny ferjekai på Stord vil gje betre ferjefrekvensen og dermed kortare reisetid til Stord. - Vidare vegutbetring på Halsnøy vil føre til tryggare og raskare reiserute til Stord. - Ny ferjekai på Halsnøy vil gje ytterlegare reduksjon i ferjefrekvensen og dermed endå kortare reisetid til Stord. - Opprusting av riksveg 48 gjennom kommunen til fullgod standard vil føre til langt betre samkvem mellom bygdene i kommunen. - Fjelbergsambandet og ny ferjekai på Varaldsøy vil styrke busetnaden på øyane.
<p>Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Detaljplanar ligg føre for tunnel bak Tysse, vegutbetring frå Årsnes til Løfallstrand, utbetring av deler av vegen frå Årsnes til Austrepollen og utbetring av deler av vegen på Halsnøy. - Reguleringsplan for Haukelitunnelane og deler av riksveg 48 i Kvinnherad er under utarbeiding. - Arbeidet er på gang med kommunedelplan for ny ferjekai på Stord og Fjelbergsambandet. - Planutgreiing om "Hordfast" er under utarbeiding. - Planar for ny ferjekai på Halsnøy og ny ferjekai på Varaldsøy ligg ikkje føre.
<p>Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Folgefonntunnelen vart kjempa gjennom sjølv om den var i strid med vegvesenet og fylkeskommunen sine prioriteringar. Halsnøysambandet vart kjempa gjennom sjølv om samferdsledepartementet freista å legge inn fordyrande element som ville stansa prosjektet. Årsnes ferjekai vart kjempa gjennom sjølv om alle i utgangspunktet var negative. - Folgefonntunnelen gjev saman med Årsnes ferjekai og seinare tunnel bak Tysse ei ny og raskare reiserute mellom Bergen og Haukeli som ikkje er med i overordna planar. Sjølv om all skilting vil glimre med sitt fråver, vil dette sambandet etter kvart bli stadig meir brukt. - Takka vere press frå kommunane og ikkje minst næringslivet er det i ferd med å bli full samling om indre "Hordfast" som løysing for Kyststamvegen. Den vil ha som bi effekt at trafikken Bergen – Oslo får ei ny og raskare rute via Kvinnherad. Heller ikkje dette er i tråd med gjeldande regionale planar. - Ferjeinnkorting med ny ferjekai på Stord er i tråd med kommunale og fylkeskommunale planar. Det same er ny ferjekai på Halsnøy, men den er ikkje i tråd med statlege særinteresser.

	<ul style="list-style-type: none">- Fjelbergsambandet er framleis ikkje godkjent grunna ulikt syn på dei aktuelle løysingane.- Fylkeskommunen har nyleg vedteke å utsetje vidare planlegging av ny ferjekai på Varaldsøy.
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Trafikksikring
Status; situasjonen i dag:	<p>Dei siste ti åra er det blitt realisert ein god del viktige trafikksikringstiltak i kommunen. Vegene mellom Austrepollen og Sunndal er blitt utvida, Sunndal sentrum er blitt sikra med ny gangbru over elva, Vegene frå Kroka til Fureberg er blitt utbetra, Hatlestrand sentrum er blitt sikra med fortau frå ferjekaien forbi skulane og fram til daglegvarebutikken, Neslia – Rosendal er sikra med ny gang- og sykkelveg, Rosendal sentrum er blitt rusta opp med ny miljøprioritert gjennomkøyning og fortau opp til barnehagen, vegene er lagt utanom Baronihagen, vegene frå sentrum til kyrkja er lagt om, det er etablert gang- og sykkelveg frå Rosendal til Seimsfoss, det er etablert gangbru over Seimselva, vegene frå sentrum til barnehagen og skulen i Omvikdalen er blitt sikra, vegene frå Omvikdalen til Matre er blitt utbetra, Kleivaldssvingen er blitt sikra og det er etablert gang- og sykkelveg og forta langs vegene frå Uskedalen til Korsnes, det er gjennomført siktutbetring i krys i Herøysund, det er etablert gang og sykkelveg frå Hellandskrysset til Husnes sentrum, det er etablert gang- og sykkelveg inn til Sørøra sitt nye administrasjonsbygg, vegene er lagt om forbi Husnes kyrkje, det er etablert nye vegar i Husnes sentrum, større bilfri torgplass er opparbeidd på Husnes, det er etablert gangveg frå Sunde til Opsangervegen og mindre forta i Sunde sentrum, vegene gjennom Erslandsmarka er blitt utbetra, vegene mellom Tofte og Sæbøvik er blitt sikra og den restaurerte postvegen vil i Teigen føre til betre trafikktilhøve. I tillegg er arbeid i gang med trafikksikring av vegene mellom Sæbøvik og Halsnøy Kloster, av vegene frå Årsnes til Løfallstrand og av vegene frå Kroka til Sunndal. På Sandvoll er planane klare for sikring av sentrum, frå Seimsfoss til Omvikedalen er det planlagt gang- og sykkelveg og omlegging av vegene gjennom Lundsneset, og på Husnes er det planar om utbetring av Opsangervegen med eigen gang- og sykkelveg.</p>
Langsiktige utfordringar:	Skape betre miljø og trygge butilhøve i heile Kvinnherad gjennom etablering av gang- og sykkelvegar langs dei sterkast trafikkerte vegane. I tillegg kjem sikring og opparbeiding av bilfrie torg- og møteplassar i dei største sentrumsområda.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<ul style="list-style-type: none"> - Få realisert alle prioriterte gang- og sykkelvegar og alle andre prioriterte trafikksikringstiltak langt riks- og fylkesvegane i kommunen. - Få avsett midlar til realisering av alle prioriterte trafikksikringstiltak langs kommunevegane i kommunen. - Få godkjent revidert trafikksikringsplan for heile kommunen.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> - Jobbe aktivt for å få stat og fylke til å prioritere midlar til trafikksikringsprosjekt i Kvinnherad. - Utarbeide planar for viktige trafikksikringsprosjekt i

	<p>kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sy saman finansieringspakkar for å få viktige prosjekt raskt realisert.
<p>Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ferdigstille trafikksikringsarbeidet langs vegen frå Sæbøvik til Halsnøy Kloster. - Ferdigstille trafikksikringsarbeidet langs vegen gjennom Løfallstrand. - Få realisert planlagt trafikksikring av Sandvoll sentrum. - Forlenge gang- og sykkelvegen frå Seimsfoss til Omvikdalen med omlegging av vegen gjennom Lundsneset. - Utbetring av Hellandskrysset på Husnes med ny rundkøyring. - Gjennomføring av prioriterte tiltak i revidert trafikksikringsplan.
<p>Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Planar ligg føre for Halsnøy, Løfallstrand, Mauranger, Sandvoll sentrum og Hellandskrysset. - Plan for gang- og sykkelveg frå Seimsfoss til Omvikdalen er under utarbeiding. - Planar må utarbeidast når trafikksikringsplanen er revidert og godkjent.
<p>Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Alle gjennomførde trafikksikringsprosjekt i Kvinnherad gjere det ekstra vanskeleg å få prioritert fylkeskommunale midlar til nye prosjekt. Difor må arbeidet med ulike alternative finansieringsmodellar prioriterast.
<p>Med helsing (namn...):</p>	<p>Kjell O. Nygård</p>

Tenesteområde:	Vass- og kloakktutbygging
Status; situasjonen i dag:	<p>Kvinnherad har dei siste 10 åra utvida, oppgradert og fullreinsa dei fleste kommunale vassverk. Ænes vassverk, Ølve vassverk, Varaldsøy vassverk og Herøysund vassverk er blitt kraftig oppgraderte mellom anna med reinseanlegg. Samtidig er Husnes vassverk blitt utvida til å omfatte Valen og heile Halsnøy, det er etablert to høgdebasseng og på Husnes er det sett opp eit større reinseanlegg. Resultatet er blitt at alle desse vassverka leverer vatn av fullverdig kvalitet. For tida er det i gang arbeid med reinseanlegg i Muradalen og ny leidning med høgdebasseng fram til Omvikdalen. Dermed vil også heile Omvikdalen få vatn av topp kvalitet samtidig som kommunen vil selje reinsa vatn til det private Rosendal vassverk. Etter avtale med SKL er kommunen i ferd med å overta Matre vassverk. I tillegg er det blitt søkt om at kommunen også overtar Sandvoll vassverk. Også desse anlegga vil etter kvart kunne levere vatn av fullverdig kvalitet.</p> <p>Samtidig med dette har kommunen etablert reinseanlegg på ei mengd kommunale kloakkutslepp. Dette gjeld først og fremst Sunde der utsleppa så vel Opsangervågen som frå Sundsvågen er blitt samla ei eit større reinseanlegg på Nesjanaset. Vidare er det etablert reinsing på utsleppet frå Husnes på Risnes, det er etablert reinsing på utsleppa frå Rosendal i Skålafjæra, og det er etablert reinsing på utsleppa i Uskedalen. Arbeidet er i full gang med reinsing av utsleppa frå Omvikdalen og Seimsfoss. I tillegg til dette er det etablert fleire slamavskiljarar, mellom anna på Valen, Korsneset og i Neslia.</p> <p>Til tross for denne svært omfattande utbygginga er VA-gebyra til kommunen framleis på nivå med snittet for alle kommunane i landet, og langt lågare enn gebyra til alle dei kommunane som har organisert VA-tenestene som aksjeselskap.</p>
Langsiktige utfordringar:	Halde fram med utbygginga til alle vassverk og alle kloakkutslepp er tilfredsstillande reinsa, samt syte for at anlegga til ei kvar tid har ein fullgod teknisk og miljømessig kvalitet og standard.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Sikre fullgod kvalitet på alle kommunale vassverk og kloakkanlegg til ein kostnad som framleis ligg rundt snittet for kommunane i landet.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Fremje nødvendige planar som sikrar vidare utbygging samtidig som ein dokumenterer at tenestene til ei kvar tid er organisert på den beste og mest kostnadseffektive måten.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp	Fullføre vassverktutbygginga i Rosendal og Omvikdalen, utvide Ølve vassverk, sikre vasstilførsel til Husnes vassverk, gjennomføre nødvendig renovering og utskifting av leidningsnett langs Opsangervegen, oppgradere Sandvoll

målsettingane/strategiane:	vassverk og arbeide vidare for å redusere lekkasjar på leidningsnettet. Fullføre kloakkprosjektet i Uskedalen, Omvikdalen og på Seimsfoss, reinse utsleppa i Sæbøvik og jobbe vidare med reinsing av kommunale kloakkutslepp.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Kommunedelplan for vassverkutbygging og kommunedelplan for kloakkutbygging på i nødvendig grad reviderast. Detaljplanar for dei ulike prosjekt må utarbeidast.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Alle kommunale vassverk og kommunale kloakkutslepp skal vere i tråd med dei krav som stat og fylke stiller med omsyn til kvalitet, standard, omfang og driftstryggleik.
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Klima, Miljø og Naturbruk
Status; situasjonen i dag:	- Klima- og energiplan er i oppstart; - Vanskeleg grensoppgang mellom lakseoppdrett og berekraftig villaksforvaltning, jmf. stans i laksefiske; - Operativt arbeid mot forsøpling; - Skjerpa praksis på private kloakk-utslepp; - God praksis på løyve og tilsyn med motorferdsel i utmark; - Fleire initiativ for vern av kulturmiljø og nasjonalparkforvaltning; - som viser utfordringar, - med nærings-, miljø- og trivselsvinst som mål
Langsiktige utfordringar:	- Gi ei realistisk skildring av klimatruselen for Kvinnheradsamfunnet og utvikle verksame reiskap for å redusere lokale utslepp av klimagassar, og iverksette tilpassningar i møtet med aktuelle klimaskifte; - intensivere opprydding i forsøpla område i tett samvirke med SIM og grunneigar, og vinne forståing for trivselsverdien av denne insatsen; - bistå elveeigarar i vassdrags- og villaks-forvaltninga for å sikre dei anadrome laksebestandane som verdi for bygder og reiselivsnæringa; - skape ein fruktbar dialog mellom kommune, grunneigarar og verne-styresmaktene for å sikre varige og berekraftige driftsformer i verna kulturmiljø, sårbare område i fjellet og i våre anadrome vassdrag.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	- Klimaplan og ROS-analyser skal gi grunnlag for reelle klimatiltak for utsleppsreduksjon og klimatilpassning, omlegging av energibruken frå fossilt til fornybart, m.a. ved bruk av lokalt skogsvirke, og sikre god beredskap og investeringar i langsiktige prosjekt, med ENOVA-støtte; -Berekraft skal sikrast ved at naturbruk og næringsdrifts skal skje utan å svekke natur- og biomangfaldet i kulturlandskap, utmark og sjø, - m.a. i eit samspel mellom lokal driftserfaring og fagkompetanse som skal vere utvikla for å meistre tidsaktuelle miljøutfordringar.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Kommunen skal i plan og prosjekt invitere og stimulere lokale grundarar og eigarar av areal, skog og utmark til å forvalte verdi-grunnlaget for næring, busetting, trivsel og naturopplevingar på ein måte som skaper respekt, godt omdømme og ny vekst for nye generasjonar som skal overta ansvaret for forsvarleg og berekraftig bruk av ein felles natur- og kulturarv som eigenverdi, livs- og næringsgrunnlag
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	- Tiltaksdelen i klimaplanen skal ha ei realistisk og ambisiøs ramme for ansvarleg medverknad frå hushald, næringar, frivillige og kommunen - Kommune og elveeigarlag bør gå aktivt inn i arbeidet for å redde villaksen og finne ei balansert havbruksforvaltning i Hardangerfjorden - Folkeopplysning om miljø- og klimautfordringar bør intensiverast i media, på kommunen si heimeside og i plansamanheng for å vise at kvinnheringane er stolte, dyktige og kompetente til å forvalte store, vakre nasjonale naturverdiar utan at denne arven og kulturskatten vert forringa ved næringsutøving, busetting og kommunalt sjølstyre.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	- Løpande kommuneplanlegging og samfunnsstyring legg premissar og vilkår for næring, busetting, ressurs- og miljøforvaltning og korleis vi skal møte turistar, innflyttarar, grundarar og store globale klimamål. - Klima- og energiplanen bør i tiltaksdelen vise til forprosjekt om: 1. miljø- og klimavennleg varmeproduksjon, - og 2. energieffektiviseringstiltak, herunder energistyring og omlegging til kostnadseffektiv produksjon og bruk av fornybar energi, t.d. skogsflis.

	- Prosjektplan for opprydding i forsøpla område må oppdaterast og utført tiltaksarbeid evaluerast.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	- Uansett opphav og omfang av klimaendringane må kommunen lojalt og effektivt ta sin del av det nasjonale ansvaret for å innfri klimamål. - Forskrift om sonetiltak for å reinske Hardangerfjorden for lakselus må saman med andre pålegg til oppdrettarar og elveeigarar følgjast opp i den kommunale areal- og lakseforvaltninga, jmf. eiga forskrift for volum og merdavstand m.v. for Hardangerfjorden. - I perioden fram til 2020 bør det utarbeidast ei overordna kommunal miljøplan som viser ansvar, roller og påkrevde tiltak for ulike aktørar.
Med helsing (namn...):	Arne Gjellan rådgjevar miljø, Samfunnsutvikling, Kvinnherad kommune

Merknad: Mitt innspel om Status, Strategiar, Mål og Utfordringar er utforma på bakgrunn av flg. eigen

ArbeidsVisjon

I Kvinnherad vil vi skape og oppretthalde levande bygder, berekraftige næringar og gode kvardags- og fritids-opplevingar i storslåtte kultur- og naturlandskap i fjord, fjell og fonn ved å utvikle tillits- skapande samspel og fellesskap som i ein samhandlingskultur kan gi kraft og truverde til å møte lokale og globale utfordringar på klima, økonomi, naturbruk og miljøvern, med brei støtte i folket.

Tenesteområde:	Kultur og fritid
Status; situasjonen i dag:	<p>Verksemda Kultur og fritid er organisert med fire avdelingar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Allmenn kultur – kulturkontoret 2. Kulturskulen m/ 600 elevplassar 3. Biblioteket på Husnes og bokbuss i alle bygder, skular og barnehagar 4. Husneshallen, Kulturhuset Husnes og Hunsnes kino <p>Tilsette : 27 stillingar</p> <p>Verksemda har mykje positiv merksemd. Dette gjeld særleg i høve til kulturformidling, Nistepakken , Spaserstokken, arbeidet med store markeringar, høg standard på dei tenester Kulturskulen og Biblioteket yter.</p> <p>KOSTRA tal dei siste åra syner at Kvinnherad i snitt nyttar i underkant av 4 % av netto driftsutgifter til kulturføremål. Kvinnherad ligg under snittet for fylket, landet og samanliknande kommunar</p> <p>Målet er at Kvinnherad innan 2014 brukar 5% på kulturfeltet.</p> <p>Det er misnøye med den låge ramma kommunen har for tilskot til allment kulturarbeid. Tilskotsramma bør aukast.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Å finna eit samsvar mellom økonomisk ramme/ tenester vi tilbyr i dag og dei forventingane brukarane har.</p> <p>Å løfta fram det kulturelle mangfaldet som ein viktig del av samfunnsutviklinga og gjera synleg den store verdiskapinga kunst, kultur, idrett, kulturminne og frivillig arbeid utgjer.</p> <p>Å satsa medvite på kultur- og fritidsaktivitetar som eit verkemiddel for å auka tilflyttinga til kommunen. Auka tilflytting fører til større mangfald. Mangfald fører til auka trivsel som igjen er eit godt grunnlag for lokal identitet og livskraftige bygder.</p> <p>At vi aktivt brukar omtale av kultur i all marknadsføring og profilering av kommunen og at det vert sett fokus på nyskaping. Dette gjer vi for å møte nye trendar og nye behov i kulturfeltet, med utgangspunkt i den lokale kulturarven.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Visjonen vår er: <i>Kulturvisjon 2014 – Kultur gjer Kvinnherad rikare.</i></p> <p>Verdiane våre er: Tenesta byggjer på <u>desse verdiane:</u> <u>Inkluderande</u> <u>Framtidsretta</u> <u>Nyskapande</u> <u>Tenestevillig</u> <u>Kreativ</u></p> <p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vi vil synleggjera det kulturelle mangfaldet i Kvinnherad og</i>

	<i>stimulera til nyskaping og medverknad</i>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> • Vi vil leggja til rette for å utvikla ein endringsdyktig og brukarvenleg organisasjon, skapa heilskap og samanheng i tenestetilbodet for born, unge og vaksne. • Vi vil skapa ein arena for samhandling og samarbeid • Vi vil utvikla og styrkja samarbeidet og dialogen med brukarane og dei ulike fagmiljøa • Vi vil løfta fram gode lokale kulturprosjekt og vera ein pådrivar for å henta inn ekstern og anna offentleg støtte
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<ul style="list-style-type: none"> • Å utvikla gode modellar og tiltak i arbeidet med kultur og næring • Å finna fram til gode tiltak kan løysast i eit offentleg/privat samarbeid v/ bruk av partnerskapsavtalar • Å vera ein aktiv medspelar i lokale stiftingar og interesselag for å få løyst viktige museums- og kulturvernoppgåver • Å utvikla Festivalkommunen Kvinnherad i regionane Sunnhordland og Hardanger og på den måten m.a. synleggjera den verdiskapinga kultur står for i lokalsamfunnet • Å halda oppe og vidareutvikla MOT satsinga i kommunen • Å halda oppe og styrkja eit variert i kvalitativt tilbod i Kulturskulen, Nistepakken og Spaserstokken • Med bakgrunn i vedtak fylgja opp bygginga av Kulturskulesenteret på Husnes til eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen • Halda fram arbeidet med digitalisering av lokalsamlinga,- mellom anna foto, stadnamnarkivet og skipsteikningar • Å leggja grunnlaget for at Husnes Kino vert digitalisert i 2010 og at det vert kjøpt inn nye stolar til Kinosalen innan 2014. • Vidareutvikla Frivilligsentralen sine tilbod, stimulera til frivillig arbeid og rekruttera frivillige til sentrale samfunnsnyttige oppgåver • Å utvikla Biblioteket til ein læringsarena, kunnskapsbase, møteplass og lokalhistorisk senter slik det kjem fram i Bibliotekreform 2014. • Fylgja opp arbeidet med innkjøp av ny bokbuss i 2012 • Å arbeida for eit variert og tilrettelagt kulturtilbod for menneske med nedsett funksjonsevne utført i samarbeid med trenings- og støttekontaktar og det

	<p>frivillige</p> <ul style="list-style-type: none"> • Å halda fram drifta på Kvinnherad Ungdomssenter og støtta private ungdomsklubbar • Å vidareutvikla tilskotsordninga for allment kulturarbeid med fokus på tilbodet for born og unge • Auka satsing på medverknad frå born og ungdom i plansaker – aktiv bruk av UKK med delegert mynde • Å styrkja det internasjonale samarbeidet Kvinnherad har med kommunar i andre land,- t.d. gjennom KS sitt MIC samarbeid • Å sikra og ta vare på område avsett til friluftsliv og leggja til rette for nye område • Å styrka Folkehelsesatsinga og framheva verdien av fysisk aktivitet som eit verkemiddel for betre helse og trivnad.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<ul style="list-style-type: none"> • Bibliotekreform 2014 – lokal plan for Kvinnherad • Plan for Den kulturelle spaserstokken • Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	<ul style="list-style-type: none"> • St. meld. nr. 48: Kulturpolitikk fram mot 2014 • St. meld. nr. 23: Bibliotek • St. meld. nr. 39: Frivillighet for alle • St. meld: nr. 22: Kultur og næring • St. meld. nr. 16: Leve med kulturminner • Lov om off. styresmaktens ansvar for kultuvernverksemd (Kulturlova) • SORIA MORIA og Kulturløftet til Regjeringa
Med helsing (namn...):	Kristian Olav Bringedal

Tenesteområde:	Viltforvaltning
Status; situasjonen i dag:	<p>Kvinnherad er Noregs største hjortkommune målt i tal felt hjort. For 2010 vert det delt ut kring 1500 løyver.</p> <p>Av andre hjorteviltarter er det rådyr som kan bli ein jaktbar ressurs i næraste fremtid. Elg og reinsdyr opptrer berre sporadisk i kommunen.</p> <p>Av store rovvilt er det observert jerv og gaupe dei seinare år.</p> <p>Det er opna for jakt på småvilt fleire stader i kommunen.</p> <p>Kvart år vert det felt mellom 50 og 75 rev.</p> <p>Rovfugl er det observert fleire arter av, mest gledeleg er stadige observasjonar av havørn.</p> <p>Kvart år vert det drept mellom 25 og 40 hjortevilt i trafikken.</p> <p>Kommunen har avtale med Kvinnherad Ettersøkslag for å handtere dette.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Hjortestamma er i deler av kommunen for stor, dette gir store skader lokalt på innmark og skog.</p> <p>Rådyrstamma veks år for år og det må vurderast å opne for jakt i næraste fremtid.</p> <p>Rovvilt gjør i dag lite skade på tamfe, men hjort og rådyr blir utsett for gaupa sine herjingar.</p> <p>Tal trafikkdrept vilt må reduseres. Dette gjennom samarbeid mellom kommune, vegvesen, grunneigarar og jegerinteressene i området.</p> <p>Sikre god tilgang på småviltjakt i kommunen.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Stabilisere hjortestamma på eit nivå som gir ein sunn stamme, der skader på innmark og skog ikkje vert for store.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Leggje mest mulig av forvaltninga over på grunneigarar og rettighetshavere.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<p>Innarbeide viltforvaltning i kommunal planlegging på alle nivå.</p> <p>Arbeide for å betre tilgang til småviltjakt for innbygganane i kommunen.</p> <p>Arbeide for fredelig sameksistens i utmark mellom jaktinteressene og andre brukere av utmarka</p>
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<p>Viltkartlegging for Kvinnherad</p> <p>Kommunal mål for hjortestamma i Kvinnherad</p>
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	<p>Forskrift om forvaltning av Hjortevilt og Bever</p> <p>Viltloven</p> <p>Naturmangfaldslova</p>
Med helsing (namn...):	Terje Natland

Tenesteområde:	Risiko og sårbarheit (ROS)
Status; situasjonen i dag:	Kommunen har ein oppdatert kriseplan. Det er utarbeidd ein overordna fareidentifikasjon og prosjektskildring for tema som er relevante ved arealplanlegging, men kommunen manglar ein heilskapeleg ROS-analyse. Det vert utarbeidd ROS-analysar for einskildtiltak og –planar. Det er ikkje fastsett akseptkriterium for samfunnstryggleiken i Kvinnherad.
Langsiktige utfordringar:	Kommunen har store areal der naturkreftene får stort spelarom. Det er viktig å vere føre vår for om mulig å førebygge eller unngå ulykker o.l.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Lokalsamfunnet og tenestetilbodet skal vere trygt. Det skal fastsetjast kriterium for akseptabel risiko. Kommunen skal vere førebudd på å handtera uønskte hendingar og ha kartlagd kva uønskte hendingar som kan inntreffa i kommunen med ei vurdering av sannsynet for slike hendingar og i kva grad dei i så fall vil påverke kommunen.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Kartleggja, skildra, simulera o.l. moglege uønskte hendingar. Tema som kan avgrensast geografisk bør leggjast inn i kommunen sine kartsystem. Sikra tilstrekkeleg kompetanse og materiell til å møte sannsynlige scenarioer. Øve på krisehandtering.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Utarbeida ein heilskapeleg ROS-analyse som grunnlag for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Oppgradera kriseplanen til ein tenleg beredskapsplan. Utarbeide gode sjekklister til bruk i planlegging og sakshandsaming som gjeld arealbruk.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Fareidentifikasjon og prosjektskildring (ePhorte 2007/1529).
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Lov om kommunal beredskapsplikt mm. FylkesROS for Hordaland med akseptkriterium.
Med helsing (namn...):	Terje Natland

Tenesteområde:	Planlegging
Status; situasjonen i dag:	<p>Kvinnherad utarbeidde sin første generalplan for alt areal i kommunen på slutten av 70-talet. På slutten av 80-talet vart denne arealplanen revidert og oppgradert til kommunedelplan, og på 90-talet vart det så utarbeidd ny kommunedelplan for Halsnøyområdet. Frå tusenårsskifte er arbeidet etter kvart kome godt i gang med oppgradering av alle kommunedelplanane. Plan for Mauranger, Rosendalsområdet, Husnesområdet og Halsnøy er blitt godkjent, plan for Nordsida er under utarbeiding og arbeidet med plan for Åkrafjordområdet er starta opp.</p> <p>Tidlegare hadde kommunen nærmast monopol på utarbeiding av reguleringsplanar og andre detaljplanar. Frå slutten av 70-åra og fram til midt på 90- talet vart det utarbeidd og godkjent nærmare 100 planar, og dermed hadde kommunen fått ein ganske god planberedskap. I åra etter har kommunen slutta med all utarbeiding av detaljplanar og arbeidet er blitt overteke av konsulentbransjen. Kostnaden med planarbeidet blir dekkja av utbyggjar. Etter kvart har utbygging og endra plankrav ført til at planberedskapen har blitt kraftig svekka. For delvis å bøte på dette har kommunen inngått samarbeid med andre utbyggjarar om utarbeiding av reguleringsplanar spesielt for sentrumsområda og for andre større utbyggingsområde.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Skal ei distriktskommune som Kvinnherad makte å oppretthalde busetnaden og få til ei god samfunnsutvikling, er det viktig at ikkje staten i for stor grad overtar styringa av arealbruken. Ein av dei få fordelane distriktet har framfor byane er god arealtilgang, og dette må dei små kommunane få lov til nytte seg av på ein god måte.</p> <p>Samtidig er det heilt avgjerande at kommunane disponerer areala på ein samfunnsmessig best mogeleg måte, og ikkje for ein kvar pris seier ja til alle som vil byggje ut.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Skal arealbruken kunne styrast av kommunen på ein god måte, må kommuneplanarbeidet til ei kvar tid ha høg prioritet. Skal nye utbyggingsplanar kunne realiserast raskt er det samtidig viktig at prosessane blir mindre omfattande, slik at revisjon av ein kommunedelplan kan skje innan rimeleg tid. Samtidig er det viktig at utarbeiding av reguleringsplanar i kommunal regi får høg prioritet. Dette for at alle samfunnsinteresser skal få nødvendig merksemd.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<p>Få utarbeidd og godkjent kommunedelplanar for heile området, samt få til rask revidering av planane når behovet melder seg. Få utarbeidd og oppgradert reguleringsplanar for sentrums- og utbyggingsområda der mange særinteresser gjere seg gjeldane.</p>
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje	<p>Godkjenning av kommunedelplan for Nordsida og for Åkrafjordområdet, samt revisjon av delplanen for</p>

opp målsettingane/strategiane:	Rosendalsområdet og Husnesområdet. I tillegg kjem utarbeiding av ny reguleringsplan for Husnes sentrum, Sandviklia og for nye utbyggingsområder.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Arealplanlegging
Status; situasjonen i dag:	Arealdelen til kommuneplanen er snart oppdatert for heile kommunen, men planprosessane er omfattande og langdryge. Det er mange reguleringsplanar under arbeid til ei kvar tid, men med akseptabel sakshandsamingstid. Plansakene kjem ofte i konflikt med nasjonale målsettingar slik dei vert handheva av regionale mynde. Det er eit jamt høgt tal dispensasjonssøknader til handsaming.
Langsiktige utfordringar:	Ha føreseielege premissar for alle arealbrukssaker. Auka takt i rullering av arealdelen til kommuneplanen slik at den betre kan dekke samtida sine behov. Effektivisera handsaming av reguleringsplanar. Auke eigenproduksjonen av planar for sentrumsutvikling og andre, ålmenne behov. Få ned talet på dispensasjonssaker. Betre kunnskapsgrunnlaget for verdi- konsekvensvurdering av planar og tiltak. Senke konfliktnivået mellom lokale planar/tiltak og nasjonale målsettingar.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Etablера ein overordna planstrategi for Kvinnherad kommune. God kvalitet og full dekning av relevante temadata for arealplanlegging. Maksimum eitt års varigheit for prosessar med kommuneplan, kommunedelplan eller områdeplan. Fullstendig oversikt over vedtekne planar og planar under arbeid tilgjengeleg på internett. Halvering av talet på dispensasjonssaker i høve til 2010-nivået.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	God politisk forankring av planarbeid. Vidareutvikling av geografiske informasjonssystem og karttenester på internett. Auka satsing på medverknad i planprosessar, i størst mogleg grad vha. digitale verkty. God planfagleg kompetanse i administrasjonen. Bruk av innleigde fagfolk for etablering av ulike temadata. Utarbeida føreseigner som gjer dei fleste kurante tiltak moglege utan dispensasjon. Generelt informasjonsarbeid om moglegheiter og avgrensingar i arealforvaltninga for å få ned talet tunge dispensasjonssaker.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Kvart fjerde år vil Kongen utarbeida eit dokument med nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging. I tillegg finst ei rad rikspolitiske retningslinjer og rundskriv for ulike tema. Hordaland fylkeskommune utarbeider fylkesplan og fylkesdelplanar. Samarbeidsrådet for Sunnhordland utarbeider einskilde tematiske fylkesdelplanar.
Med helsing (namn...):	Anbjørn Høvik

Tenesteområde:	Geodata
Status; situasjonen i dag:	Kvinnherad har dag digitalt kartverk i FKB B og C standard i alle områder der det bur folk, dvs frå sjøen og opp til kote 500. FKB B dekker dei mest folkerike delene av bygdene og har størst detaljeringsgrad. Utanom har vi kommunedekkande kartbasar som eignar seg til bruk i målestokkar frå 1:20000 – 1:500000. Ortofoto dekker for det meste same område som FKB B og C. Alle våre kart er finansiert gjennom geovekstsamarbeidet, der kommunane er ein av dei største aktørane .
Langsiktige utfordringar:	Største utfordringa er å få til ei rullering av vedlikehald/ajourføring av kartverket tidsnok til at våre brukarar er nøgde med produktet. Kommunen må auka dei årlege innvisteringane i kartverket.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Vi har som målsetting at heile området, som er dekkja av FKB B og C, skal nykonstruerast 1 gang kvart 10 år og gjerne oftare i område med stor utbygging. Ortofotokart skal ajourførast kvart 10 år med ei tidsforskyving på 5 år i høve til FKB B og C.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Vi må halda fram samarbeidet vi har etablert gjennom foreininga Geovekst, der alle større offentleg brukarar er gått saman om å samfinansiera nykartlegging.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	For å få betre høgdegrunnlag, også i dei område som er dekkja av tett skog, må det gjennomførast ei kommunedekkande scanning. Dette vil gje ei gjennomsnittlig høgdenøyaktighet av terrenget på ca 10 cm.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Geodataplan for Hordaland
Med helsing (namn...):	Johan Feet

Tenesteområde:	Fellestenestene
Status; situasjonen i dag:	<ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering, bruk og utvikling av rett kompetanse • Aldersfordelinga i arbeidsstokken er skjeiv med halvparten av tilsette over 50 år • Manglar ved rådhuset omkring ventilasjon og varmegjennvinning • Mathygeniske forhold i kantina er ikkje tilfredsstillande • Digitale løysingar på økonomiske og administrative funksjonar •
Langsiktige utfordringar:	<ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering av medarbeidarar med rett kompetanse • Utvikling av kompetanse i tråd med nye løysingar og nye utfordringar • Energiøkonomisering og miljøforbetring på rådhuset • Servering/tillaging av mat i kantina i samsvar med gjeldane forskrifter for mathygiene • Effektiv utnytting av digitale løysingar innan økonomi og administrasjon • Overgang til e-handel og e-faktura i heile kommunen •
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<ul style="list-style-type: none"> • Utbetring av fysisk arbeidsmiljø på rådhuset (ventilasjon og varmegjennvinning) • Innføring av e-handel • Effektiv og optimal bruk av fagsystem gjennom opplæring og utvikling • Effektiv og optimal bruk av administrative system gjennom opplæring og utvikling og gjennom integrering med fagsystema
Strategi(ar) for å nå målsettinga(ne):	<ul style="list-style-type: none"> • Høg fag- og handlingskompetanse hos tilsette skal sikra optimal utnytting av digitale fag- og administrative system •
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	<ul style="list-style-type: none"> • ENØK-oppgradering av rådhuset med ny ventilasjon og varmegjennvinning • Oppgradering av kantina i høve til funksjonalitet og hygiene
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	<ul style="list-style-type: none"> •
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Svein Opdal

Tenesteområde:	Økonomi
Status; situasjonen i dag:	<p>Dei tenestetilboda som kommunane yter blir finansierte med skatteinntekter, tilskot frå staten, andre tilskotskotsordningar, betaling frå brukarane og ulike andre inntekter.</p> <p>Saman med kommuneskatten utgjere rammetilskotet frå staten dei frie inntektene som kommunane disponerer fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter. Her blir det teke høgd for at enkelte kommunar er meir tungdrivne enn andre. Kvinnherad er definert som ei kommune som er rundt 10,0 % meir tungdriven enn snittet, og difor ligg dei frie inntektene tilsvarande over snittkommunen.</p> <p>I følgje KOSTRA-tal utgjere dei frie inntektene vel 70,0 % av kommunane sine samla inntekter</p> <p>I Kvinnherad der dei frie inntektene ligg 10,0 % over snittet utgjere dei likevel kun 57,5 % av kommunen sine samla inntekter. Årsaka er at kommunen har store inntekter spesielt frå eigedomsskatt, finansinntekter og ulike kraftinntekter. Høge inntekter har ført til høge utgifter, og kommunen nyttar årleg uvanleg mykje midlar til tenesteproduksjon. Spesielt gjeld dette skule og pleie og omsorg. I tillegg har kommunen ein svært høg lånegjeld som fører til at også kapitalutgiftene blir høge. Konsekvensen av dette har blitt stadige vanskar med å halde seg til vedtekne budsjetttrammer. Først dei siste åra har kommunestyret makta å gjennomføre konkrete nedskjeringar, og resultatet er blitt langt betre budsjettkontroll enn tidlegare.</p>
Langsiktige utfordringar:	<p>Det blir hevda at storstilt satsing på auka energiproduksjon i heile Europa vil føre til kraftig reduksjon i straumprisane etter 2015. Samtidig blir det hevda at styringsrenta på sikt må opp til rundt 5,0 %. Slår dette til vil resultatet bli reduserte kraftinntekter og auka kapitalutgifter. For å unngå at dette skal få altfor store konsekvensar for tenestetilbodet, må ein alt no auke bruken av kraftinntekter til eigenfinansiering av investeringane. Samtidig må ein unngå å nytte finansinntekter til finansiering av tenesteproduksjonen. Skal ein make dette må driftsutgiftene reduserast, og dette vil i stor grad krevje endring i struktur med færre skular og barnehagar, og redusert tenestetilbod til bukarane med lågaste behov innan pleie og omsorg.</p>
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>God budsjettstyring kombinert med god og rasjonell tenesteyting vil føre til at kommunen får ein sunn og solid økonomi som vil gje rom for vidare utvikling av Kvinnherad-samfunnet.</p>
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	<p>Etablere betre samsvar mellom vedtekne oppgåver og tildelte ressursar, samt fastsetje eit driftsnivå som sikrar eit positivt driftsresultat. Sjølvfinansierte og driftsreducerande investeringar blir prioriterte.</p>

<p>Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:</p>	<p>Netto driftsresultat i prosent av inntektene skal kvart år ligge over 3,0 % slik staten tilrår.</p> <p>Tilrådingane frå ROS og Agenda 2020 er gjennomførde for pleie- og omsorgssektoren.</p> <p>Lønsutgiftene skal i framtida utgjere ein lågare del av totalbudsjettet, samtidig som dei tilsette opplever godt samsvar mellom pålagde oppgåver og tildelte ressursar.</p> <p>Vedlikehaldsløyvingane er auka slik at verdien på bygg og anlegg ikkje blir redusert.</p> <p>Investeringane er redusert slik at låneopptak som kommunen sjølv må betale ned ikkje overstig dei årlege avdraga.</p>
<p>Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:</p>	<p>Årsbudsjetta, økonomiplanane, handlingsplanane, årsmeldingane og tertialrapportane er dei siste åra blitt utforma slik at dei skal vere ein best mogeleg styringsreiskap for dei folkevalde. Dokumenta må forbetrast ytterlegare i åra som kjem. Det same gjeld årsrekneskapen.</p>
<p>Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:</p>	<p>Sjølv med god økonomi vil også Kvinnherad til tider få vanskar med å gje eit tenestetilbod som fullt ut dekkar alle dei rettar og krav som ligg i alle i dei ulike nasjonale lovene. Til tross for dette må det til ei kvar tid prioriterast midlar til mindre lovpålagde oppgåver som vedlikehald og samfunnsutvikling. Spesielt det siste er noko fylkeskommunen prioriterer høgt og om mogeleg gjerne vil delta i.</p>
<p>Med helsing (namn...):</p>	<p>Kjell O. Nygård</p>

Tenesteområde:	Organisasjon og arbeidsgjevarpolitikk
Status; situasjonen i dag:	<p>ADMINISTRATIV ORGANISERING Den kommunale administrasjon og tenesteyting er organisert slik:</p> <p>Rådmann og kommunalsjefar 30 verksemder</p> <p>Rådmann og kommunalsjefar Rådmannen er administrasjonssjef og fungerer i ei strategisk leiargruppe saman med to kommunalsjefar</p> <p>Verksemder Dei kommunale tenestene elles er organisert i enkeltverksemder innafor skule og barnehage, helse og omsorg, fellestenester, kultur, samfunn og teknisk. Verksemdene har sjølvstendig ansvar til å utforma tenestene innan sitt ansvarsområde, og har ansvar for eigne resultat. I dette ligg alt personal- og budsjettansvar</p> <p>Kommunen som tenesteytar Politiske vedtak legg grunnlag for infrastruktur, organisering og tenestetilbod. Dette skapar forventningar hos innbyggjarane. Den måten tenestene blir levert på, vil vidare påverka innbyggjarane sin opplevde kvalitet</p> <p>Arbeidsgjevarpolitikk Arbeidsgjevarpolitikken er det samla settet av mål, verdigrunnlag, rutinar, prosedyrar og praksis, og utgjer eit felles verdifundament for folkevalde, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde</p>
Langsiktige utfordringar:	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanseutvikling • Tydeleg leiing • Byggja godt omdøme blant brukarar og tilsette • Eit godt arbeidsmiljø • Rekruttering for utfordringar i framtida • Fokus på auka nærvær (Lågare fråvær)
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	<p>Kommunen skal bidra til at det vert stimulert til auka kunnskap og kompetanse med vekt på planmessig opplæring og utvikling av tilsette. Bidra til auka kompetanse blant tilsette på alle IKT- og fagsystem</p> <p>Kommunen sine leiarar skal vera gode personalleiarar Kvinnherad kommunen skal ha eit godt omdøme, både blant eigne tilsette og brukarane våre. Me har eit stort potensiale med omsyn til å koma ut i media og bli sett, me skal synleggjera kva vi er gode på. Me skal ha brukarane og innbyggjarane sine behov i fokus, og me engasjerer brukarane i løysninga av deira eigne behov</p> <p>Me trur på det å snakka saman, utveksla erfaringar og dra nytte av</p>

	<p>kvarandre sin kompetanse</p> <p>Me skal vera løysingsorienterte, kreative og syna evne til omstilling</p> <p>Me skal vera aktive i forhold til samarbeid med andre kommunar og aktørar</p> <p>Me skal stoppa, og snu det aukande sjukefråveret gjennom målbevisste tiltak</p>
<p>Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):</p>	<p>Læring og utvikling Våre tilsette har høve til å realisera seg sjølve i Kvinnherad kommune. For å møta morgondagens utfordringar vil utviklingskompetanse vera eit nøkkelord saman med kompetanseutvikling. På den måten vil Kvinnherad kommune sitt fortrinn vera å sikra at organisasjonen gjennomfører læringstiltak for auka kvalitet og kompetanse etter utvikling, behov og praksis i organisasjonen</p> <p>Leiarskap og identitet Samfunnsansvar handlar om å ta omsyn til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar lokalt og globalt</p> <p>Leiarane i Kvinnherad kommune er opptekne av å utvikla samfunnet, og syner i praksis at me legg til rette for menneske i ulike livssituasjonar</p> <p>Kommunikasjon Kvinnherad kommune er ein open organisasjon som legg vekt på fullstendig innsyn i offentlege dokument og størst mogeleg grad av ytringsfridom</p> <p>I Kvinnherad har me eit varslarombod som tryggjar varsling av kritikkverdige tilhøve i organisasjonen. Varslarombodet er eit supplement til dei godt innarbeida kommunikasjonsreglane</p> <p>Kommunikasjonsreglane er kommunen sitt fortrinn når det gjeld konfliktførebygging og kulturbygging i organisasjonen</p> <p>Tillit, toleranse og fridom Våre tilsette er dei viktigaste ambassadørane for å rekruttera og halda på arbeidskrafta i kommunen. Kvinnherad kommune sitt fortrinn er at me i praksis synleggjer at tilsette er vist tillit, toleranse og er gjevne fridom</p> <p>Dei myndiggjorte medarbeidarane kan sjølve påverka si arbeidstid og kven dei vel som samarbeidspartnarar for å løysa oppgåvene på den beste måten for kvar einskild innbyggjar</p>
<p>Større tiltak som må/bør</p>	<p>Kontinuerleg evaluering, og nødvendig justering, av organisasjonen og</p>

gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	tenesteytinga
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Arbeidsgjevarstrategi mot 2020 Kompetanseplan 2010-2012
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Alt arbeid i organisasjonen byggjer på det til ei kvar tid gjeldande lov- og regelverk på fagområdet, samt lokale rutinar og retningsliner
Med helsing (namn...):	Gunn B.S. Fosse

Tenesteområde:	Organisering
Status; situasjonen i dag:	Alt tidleg i 80-åra innførde kommunen hovudutvalsmodellen med rådmann, tre fagsjefar og fire etatssjefar med eigne hovudutval. Ved tusenårsskifte var modellen moden for utskifting, og det vart innført ein modell med to politiske komitèar og flat administrasjonsstruktur med rådmann og 3 (seinare 2) kommunalsjefar i ei toppleiargruppe og 32 verksemdsleiarar som daglege leiarar for sine institusjonar og verksemdar. Midlane til administrasjon og leiging vart kraftig redusert og overført til tenesteproduksjon. I åra etter har kommunen ytt tenester til innbyggjarane som ligg godt over dei fleste andre kommunar. Brukarundersøkingar viser då også at dei som mottok tenester er godt tilfreds med tilbodet. Samtidig viser undersøkingar mellom medarbeidarane at trivselen er god og at dei tilsette likar seg godt i jobben. Sjølv om organiseringa prioriterer tenesteproduksjon har ein i perioden makta å halde oppe eit sterkt fokus på utbygging, og resultatet er blitt eit tiåret som vil gå inn i historia som den store utbyggingsperioden der kommunen spelte ei avgjerande rolle i dei fleste utbyggingsaker.
Langsiktige utfordringar:	God trivsel har mellom anna ført til liten gjennomtrekk og dermed til aukande snittalder på dei tilsette. Konsekvensen av dette vil bli at mange vil gå av med pensjon i åra som kjem, og dermed vil rekruttering av nye medarbeidarar og leiarar bli ei av dei store utfordringane i åra som kjem. Vidare vil det bli ei utfordring å få tilpassa tenesteproduksjonen til samansetjinga av innbyggjarane og til endringane i busetnaden. Sist men ikkje minst vil det bli ei utfordring å halde oppe trykket på utbygging og vidare utvikling av heile Kvinnherad-samfunnet.
Framlegg til målsetting(ar) for tenesteområdet det neste tiåret:	Stadig tilpasse organisasjonen til dei samfunnsendringane som kjem, slik at ein til ei kvar tid får mest mogeleg nytte av dei tilsette samtidig som ein får rekruttert inn nye medarbeidarar.
Strategi(ar) for å nå målettinga(ne):	Utvikle endringsvilje i heile organisasjonen samtidig som leiinga opnar for nye modellar for korleis dei ulike fagområda organiserer seg. Her må det også opnast for at andre kan kome inn og overta deler av kommunen sin tenesteproduksjon. Vidare er det viktig at utviklinga av samfunnet stadig har eit aukande fokus. Dette ikkje minst på grunn av dei demografiske endringane som om få år er ein realitet.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Styrke toppleiinga av helse og omsorg med ny kommunalsjef, samtidig som ein vurderer vidare styrking av støtteapparatet til dei ulike verksemdene.

Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	
Med helsing (namn...):	Kjell O. Nygård

Tenesteområde:	Universell utforming Utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mulig, utan tilpassing og ein spesiell utforming.
Status; situasjonen i dag:	Svært mange forbetningspotensiale innan: Eksisterande offentleg og privat service med uteområde, kollektivtransport, friluftsområde, transportsystem mellom bustadområde og sentrumsområde, informasjon, mm.
Langsiktige utfordringar:	Kvinnherad skal vere universelt utforma innan år 2025.
Framlegg til målsetting for Universell utforming det neste tiåret:	Sentrumsområde med uteområde, publikums- og arbeidsbygg skal vere universelt utforma innan denne perioden. Transporttilbod skal vere universelt utforma innan denne perioden. Friluftsområde skal utbetrast. Nye bustadområde skal ha 75 % tilgjengeleg utforma bustader.
Strategi for å nå målsettinga:	Knutepunktstrategi der ein legg vekt på knutepunkt for kommunikasjon og service td. sentrumsområde.
Større tiltak som må/bør gjennomførast for å følgje opp målsettingane/strategiane:	Det må utarbeidast ein handlingsplan for universell utforming i Kvinnherad kommune innan år 2013. Ved val av nye bustadområde må tilgjengelegheit vurderast. Der det er krav om universell utforming skal Norsk standard leggjast til grunn.
Evt. kommunale plandokument for tenesteområdet:	Kommunal planstrategi (Så sant UU vert teken med her då ;)) avvente politisk sak) Framtidig kommunal handlingsplan.
Tilknytning til nasjonale eller regionale målsettingar, føringar, planar osv.:	Regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit 2009-2013. "Norge universelt utforma 2025".
Med helsing :	Anne-Lise Næs Olsen